

Innhold

0) Samandrag.....	2
1) Bakgrunn og føresetnader for saka.....	3
2) Elevgrunnlag.....	4
2.1 Endring i søkartal til vg1 – elevtalsprognose	4
2.2 Hordaland.....	4
2.3 Sogn og Fjordane	5
3) Kompetanse og rekruttering.....	5
4) Prosessen med utarbeiding av sak om opplæringstilbud	9
4.1 Hordaland.....	9
4.2 Sogn og Fjordane.....	10
5) Fylkesdekkende tilbud.....	11
6) Utviding av ordninga for ungdom i grenseområda	11
7) Nasjonale endringar i tilbodsstrukturen	11
7.1 Ny tilbodsstruktur for yrkesfag frå hausten 2020	11
7.2 Vurdering av dei fire nye utdanningsprogramma	13
8) Netto endringar i klassetal	17
8.1 Hordaland.....	17
8.2 Sogn og Fjordane.....	17
9) Økonomisk ramme	18
10) Fylkesdirektøren sitt samla framlegg til endringar i opplæringstilbodet.....	19
10.1 Hordaland.....	19
10.2 Sogn og Fjordane	31
10.3 Nye utdanningsprogram frå hausten 2020.....	39
11. Vidaregåande opplæring for vaksne	44
11.1 Hordaland.....	44
11.2 Sogn og Fjordane	46

0) Samandrag

Saka gjer greie for opplæringstilbodet som skal lysast ut for skuleåret 2020/21. Saka bygger på dei tilbod som er sett i gang inneverande skuleår, og viser fylkesdirektør for opplæring og kompetanse si vurdering og tilråding til opplæringstilbod skuleåret 2020/21.

Del 1 gjer greie for politiske vedtak som er føresetnadar for saka. I skuleåret 2020/21 skal inntaksområde- og ordningar i Hordaland og Sogn og Fjordane vidareførast. Store deler av saka har difor fylkesvise presentasjonar og argumentasjonar. I tillegg er deler av § 3 i opplæringslova teke med, her er rammene for fylkeskommunane sitt ansvar for vidaregåande opplæring.

Del 2 omhandlar elevgrunnlaget på vg1 (vidaregåande trinn 1) vi skal dimensjonere for. Avgangselevane frå grunnskulen utgjer hovudmengda av søkarar til vg1, med tillegg for elevar som gjer omval eller har vore ute av opplæring, og fråtrekk for elevar som ikkje vel å nytte tilbodet om fylkeskommunal vidaregåande opplæring.

I del 3 om kompetanse og rekruttering gir ein eit bilde av vidaregåande opplæring, gjennom sysselsettingstal og framtidige behov. NHO sine medlemsbedriftene i Vestland svarte i 2018 at dei hadde behov for arbeidskraft med fag- og yrkeskompetanse og fagskuleutdanning dei neste fem åra. For å møte dette behovet må samarbeidet med arbeids- og næringsliv ha merksemd, samstundes må arbeide med å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring halde fram.

Del 4 omtalar prosessane som gir grunnlag for utarbeiding av framlegg til opplæringstilbod i dei to fylkeskommunane. Desse prosessane har vore ulike. I det vidare arbeidet med å etablere årshjul og samhandlingsarenaer i Vestland fylkeskommune må vi søke dei beste løysingane. Prosessane skal sikre forankring og samhandling i opplæringssektoren og med arbeids- og næringsliv.

Del 5 er konkretisering av fellesnemnda sitt vedtak om at «Fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/2021.» Tilboda (programområde på vg2 eller vg3) som er fylkesdekkande er vedlegg 2. Dette er tilbod i Hordaland der Sogn og Fjordane ikkje har same tilboda.

I del 6 har fylkesdirektøren omtalt bestillinga frå fellesnemnda om å vurdere utviding av ordningar for ungdommar i grenseområde mellom de to fylka.

Del 7 omhandlar dei nasjonale endringane i tilbodsstrukturen i yrkesfag. Frå hausten 2020 vert det innført fire nye utdanningsprogram, design og tradisjonshandverk, IKT og medieproduksjon, sal, service og reiseliv og frisør, blomster- og interiørdesign. I tillegg endrar tilbodsstrukturen seg på fleire vg2-nivå frå skuleåret 2021/22. Fylkesdirektøren gir ei vurdering av dei nye utdanningsprogramma, og mogelege behov i framtida. Høve til å gå frå vg1 studiespesialisering til vg2 i eit yrkesfag er også omtala her.

Del 8 er ei oppsummering av netto endringar i opplæringstilboda, som er detaljert presentert i del 10. I del 9 vurderer fylkesdirektøren økonomisk ramme sett opp mot omfang av tilbod som vert lyst ut.

Del 10 er fylkesdirektøren si tilråding. Framlegga er fylkesvise og sett opp per utdanningsprogram.

For lokalisering og dimensjonering av dei nye utdanningsprogramma (del 7) er det gjort vurderingar for Vestland fylkeskommune samla.

Del 11 er oversikt over tilbod om vidaregåande opplæring for vaksne (over 25 år) som vil bli lyst ut i Hordaland og Sogn og Fjordane i 2020. Det skal ikkje gjerast vedtak om desse tilboda, vaksne har rett til å få den vidaregåande opplæringa dei ønsker.

Til saka ligg det fire vedlegg. 1) Protokoll frå fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane, 2) oversikt over fylkesdekkande tilbod, 3) opplæringstilbodet (tal elevplassar viser til kor mange plassar det er tilgjengeleg ved søking, ikkje faktisk elevtal), 4) kart over skulane i Vestland fylkeskommune.

1) Bakgrunn og føresetnader for saka

Inntaksordningar

Saka gjer greie for opplæringstilbodet som skal lysast ut for skuleåret 2020/21. Saka bygger på dei tilbod som er sett i gang inneverande skuleår, og viser fylkesdirektør for opplæring og kompetanse si vurdering og tilråding til opplæringstilbod skuleåret 2020/21. Våren 2020 vil fylkesdirektøren legge fram ei sak om justering av i opplæringstilbodet for å tilpasse opplæringstilbodet til søkartala.

Som ein del av arbeidet med samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, vedtok fellesnemnda 13. mars 2019 følgande om inntak for skuleåret 2020/21:

Dagens inntaksordningar og inntaksområde, inkludert dei ordningar som finst for ungdom i grenseområda, vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/2021.

Fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/2021.

Det må utgreiast om ordninga for ungdomar i grenseområda mellom Sogn og Fjordane og Hordaland skal utvidast til å gjelde for fleire elevar i vidaregåande skular, fram til saka kjem i oktober 2019.

Skuleåret 2020/21 vil vere eit overgangså, og inntaks- og formidlingsforskriftene for Sogn og Fjordane og Hordaland vil vere gjeldande for inntak til skuleåret 2020/21.. Tilbod som er tilgjengeleg berre i eitt av inntaksområda er fylkesdekkande tilbod som alle i Vestland fylke kan søke på. Frå hausten 2021 er det eitt felles inntak i Vestland fylkeskommune, og ny inntaks- og formidlingsforskrift vil då vere gjeldande.

Ettersom inntaksordningar og -område vert vidareført frå skuleåret 2019/20, vil denne saka strukturerast etter fylkesstrukturen Hordaland og Sogn og Fjordane. Gamle fylkesnamn vil bli nytta der det er behov, for å gjere saka meir oversiktleg. Oversikt over tilbodsstruktur vil også følge gamle fylkesinndelingar.

Rett til vidaregåande opplæring

I opplæringslova § 3 er rammene for retten til vidaregåande opplæring gitt. Her er teke med ledd i paragrafen som har konsekvensar for fylkeskommunane sitt arbeid med dimensjonering av opplæringstilbodet. [Heile lova finn de her.](#)

§ 3-1. Rett til vidaregåande opplæring for ungdom

Første ledd: Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarende opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. Dette gjeld òg dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men som ikkje får godkjent opplæringa som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg. I fag der læreplanen føreset lengre opplæringstid enn tre år, har ungdommen rett til opplæring i samsvar med den opplæringstida som er fastsett i læreplanen. Ungdom som har fylt 15 år, søker sjølv om inntak til den vidaregåande opplæringa.

Tredje ledd: Retten til vidaregåande opplæring gjeld ut det skuleåret som tek til det året ein fyller 24 år.

Fjerde ledd: Elevar har rett til å gjere eitt omval, og får då rett til utvida tid så dei kan fullføre opplæringa.

Sjette ledd: Søkarar har rett til inntak til eitt av tre alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 som dei har søkt på, og til to års vidaregåande opplæring innanfor utdanningsprogrammet. Søkarar som etter kapittel 5 i lova har rett til spesialundervisning, og som på grunnlag av sakkunnig vurdering har særlege behov for eit særskilt utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1, har rett til inntak til dette utdanningsprogrammet etter forskrift fastsett av departementet.

Sjuande ledd: Departementet gir forskrift om inntak.

Alle som er omfatta av lova har rett på tre års heiltids vidaregåande opplæring (vg1, vg2 og vg3) Retten til opplæring (kalla ungdomsrett) gjeld no ut det skuleåret som tek til det året dei fyller 24 år. Tidlegare var retten avgrensa til fem år frå starttidspunktet, men vart fjerna slik at ungdom no har

ungdomsrett heilt fram til dei går over til vaksenrett. Vaksenretten gjeld for personar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring medan dei hadde ungdomsrett (dei har fullført sjølv om dei ikkje har bestått).

Omval vil seie at ungdomane startar på eit nytt utdanningsprogram på vg1 eller nytt programområde på vg2. Ved omval får dei utvida ungdomsretten slik at dei kan fullføre vg3 i nytt løp. Dei kan gjere fleire omval, men får berre utviding av retten ein gong. Omfanget av omval vil kunne påverke dimensjoneringa. Vurdering av kor mange elevar som gjer omval må bygge på erfaringstal.

Til vg1 har ungdomane rett til inntak på eitt av tre søkte utdanningsprogram. Opplæringslova gir dei ikkje rett til å få inntak til ein bestemt skule.

For skuleåret 2020/21 er gjeldande inntaksområde og -modellar for dei to eksisterande fylka vedteke vidareført. I Sogn og Fjordane kan søkarane prioritere inntil tre skular per utdanningsprogram dei søker, i Hordaland inntil seks skular.

Forskrift til opplæringslova er utfyllande til lova og § 6 i forskrifta omhandlar inntak til vidaregåande opplæring, søkarane sine rettar og plikter, grunnlag for inntak, rekkefølge ved inntak m.m., og er styrande for fylkeskommunane.

2) Elevgrunnlag

2.1 Endring i søkartal til vg1 – elevtalsprognose

	Vg1 2019/20	Vg1 2020/21	Vg1 2021/22
Hordaland	6139	6292	6194
Sogn og Fjordane	1487	1454	1452

Tabell 1: Elevtal, avgang frå 10. trinn. GSI.

	Hordaland	Sogn og Fjordane
Avgangskull ungdomsskulen	6292	1470
Avgangselevar frå grunnskule for minoritetsspråklege, og innføringstilbod	75	40
Elevar som gjer omval, har hatt opphald eller er vaksne	1150	200
Elevtal vg1 i private skular/andre tilbod utanfor VLFK	-1300	-50
Forventa søkargrunnlag til vg1	6217	1660

Tabell 2: Forventa søkargrunnlag til vg1.

2.2 Hordaland

Hausten 2020 er det ungdom fødd i 2004 som skal begynne i vidaregåande skule. Tal frå GSI (grunnskolen sitt informasjonssystem) viser at årskullet er på 6292 elevar. Inneverande skuleår er det 75 elevar i innføringstilbod for minoritetsspråklege, og dei fleste av desse startar i vg1 neste skuleår. Om lag 1150 har hatt eit opphald, er vaksne eller gjer omval til vg1. Dei private skulane har kapasitet til å ta imot om lag 1000 elevar på Vg1. Erfaring viser at desse plassane vert fylt opp. Det vert kjøpt plassar for om lag 300 elevar (snitt haust 2018 og haust 2019) utanfor VLFK.

Det vil seie at vi kan forvente at om lag 6217 ungdomar begynner på vg1 ved ein av dei offentlege vidaregåande skulane i Hordaland kommande haust. Inneverande år starta om lag 6480 elevar på vg1. Til skuleåret 2019/20 var det om lag 90 fleire elevar som starta i vg1 enn kva ein hadde rekna med i saka om opplæringstilbod. Eventuelle konsekvensar ved avvik frå prognostisert elevtal på vg1 hausten 2020 vil fylkesdirektøren kome tilbake til i justeringssaka våren 2020.

2.3 Sogn og Fjordane

Tal innmelde avgangselevar frå grunnskulane er 1470, høgare enn tala frå GSI, og meir oppdaterte. Inneverande år er det om lag 80 elevar i kombinasjonsgrupper for minoritetsspråkleg ungdom (GMU) og erfaringsvis er om lag halvparten klare for vidaregåande opplæring i løpet av eit år. Erfaringstal viser at vi må sette av om lag 200 elevplassar til dei som gjer omval, eller har hatt opphald i opplæringa og kjem tilbake til vg1. Elevane frå Gulen og Solund kan velje å søke seg til Austrheim vgs i Hordaland. Dei siste åra har om lag halve årskulla valt Austrheim vgs og halve årskullet valt skular i Sogn og Fjordane. I tillegg går ein del elevar i privatskular eller andre tilbod utanfor Sogn og Fjordane. Samla utgjør dette 50 elevar.

Det er inngått gjesteelevavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune/Vestland fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune. Søkarar med ungdomsrett frå Vanylven kommune og frå skulen som tidlegare låg i Hornindal kommune (frå 1.1.2020 del av Volda kommune) kan søke til skulane i Nordfjord. Søkarane vert prioriterte gjesteelevar og får ungdomsrett i Vestland. Som prioritert gjesteelev konkurrerer søkarane på linje med søkarane frå Vestland.

Sogn og Fjordane har ikkje eigne søkbare opplæringstilbod for elevar med behov for tilpassa opplæring. Dei søker ordinære tilbod. Elevar med behov for særskilt tilrettelegging får korrekte tilbodskodar etter skulen har starta, og plasstalet i gruppa vert auka dersom eleven ikkje tek del i den ordinære opplæringa.

I tillegg til endringar som ein konsekvens av organiseringa av spesialundervisninga, har skulane etter spørsmål frå fylkesdirektøren utvida plasstalet, der det har vore mogeleg, for å gi rom for alle søkarane med ungdomsrett. Plasstalet i ein del av klassene har difor ikkje vore det same frå år til år.

Dei 1470 avgangselevane som er meldt inn frå grunnskulane er om lag same talet som våren 2019. Sidan Hornindal kommune går over til Møre og Romsdal fylke frå 1.1.2020, og tek med seg rundt 20 avgangselevar årleg, er det ein reell auke i elevtalet i resten av Sogn og Fjordane. I Stryn kommune er det nedgang i tal elevar frå grunnskulen våren 2020, med 30 færre elevar enn i år.

3) Kompetanse og rekruttering

Våren 2019 vart det gjennomført ei rekke dialogmøte ulike stader i det nye fylket som grunnlag for Vestland fylkeskommune sin første regionale planstrategi. Som grunnlag til arbeidet vart det utarbeidd ein rapport – [Vestland statistikk og utviklingstrekk](#) – som omtalar dei mest sentrale utviklingstrekk innfor tema som demografi, næring, utdanning, levekår, helse og natur. Statistikk i dette kapittelet er henta frå dette dokumentet, og kan avvike noko frå nyleg oppdaterte tal.


Dei siste ti åra har det vore stor vekst i tal sysselsette med høgare utdanning. Særleg har det vore stor vekst i sysselsette med lang høgare utdanning; master- og doktorgradsnivå. Fram til 2030¹ er det venta auka etterspurnad etter arbeidskraft som har høgskule- og universitetsnivå, samt yrkesfagleg utdanning frå vidaregåande. Det er venta fallande etterspurnad etter utdanningar på lågare nivå, vidaregåande (utanom yrkesfag) og grunnskule. Med auka automatisering vil fleire jobbar truleg forsvinne og det er særleg sysselsette med lågt utdanningsnivå som har høgast sannsyn for å miste jobbane sine².

3.1 Fag- og yrkeskompetanse er ettertrakta

Den registrerte sysselsettinga seier noko om trendane for dei ulike utdanningsnivåa, men det er vanskeleg å vurdere kva som faktisk er ønska kompetanse. I NHO sitt kompetansebarometer (NIFU, 2018) er det interessant at flest av medlemsbedriftene i Vestland svarar at dei har behov for arbeidskraft med fag- og yrkesopplæring og fagskuleutdanningar dei neste fem åra.

¹ Cappelen m.fl. (2013): Forecasting demand and supply of labour by education. SSB rapport 2013/48. Oslo

² NOU 2016:3. Ved et vendepunkt: Fra ressursøkonomi til kunnskapsøkonomi – produktivitetskomisjonens andre rapport. Finansdepartementet



Figur 1: Del sysselsette etter utdanningsnivå. Prosentvis utvikling sidan 2007. Busett i Vestland. Kjelde: SSB tabell 11615

Figur 2: Kompetansebehov etter utdanningsnivå. Prosent av NHO-medlemsbedrifter som i nokon grad eller i stor grad har behov for å rekruttere personale med eit bestemt utdanningsnivå. Vestland. Kjelde: NHO kompetansebarometer 2018. This is a stacked bar chart showing the percentage of NHO member companies that need personnel with a certain education level. The Y-axis lists education levels: Fullført vidaregåande opplæring, yrkesfaglege program (fagbrev, svinebrev), Fagskuleutdanning, Bachelorgrad, Mastergrad, Fullført grunnskuleutdanning, and Fullført vidaregåande opplæring, studieførebuande program. The X-axis shows percentages from 0% to 70%. Each bar is divided into 'I stor grad' (light blue) and 'I nokon grad' (purple). The highest need is for 'Fullført vidaregåande opplæring, yrkesfaglege program' at approximately 65%.

3.2 Fylket manglar opptil 5 400 personar

Ifølge NAV si bedriftsundersøking for 2018 er det estimert ein mangel på arbeidskraft på mellom 2 800 og 5 400 personar i Vestland fylke. Høvesvis 14 og 11 prosent av verksemdene i Hordaland og Sogn og Fjordane har alvorlege rekrutteringsproblem. Det vil sei at verksemda anten har mislykkast i å rekruttere, eller har tilsett nokon med manglande eller annan formell kompetanse. Tabell 3 viser forholdet mellom den estimerte mangelen av arbeidskraft og ønska sysselsetting. Indikatoren uttrykker gjerne kor stor del den estimerte mangelen utgjør av den ønska sysselsettinga. Eit høgt forholdstal indikerer ein stram arbeidsmarknad. I 2018 hadde Sogn og Fjordane eit forholdstal på 1,7, som er på nivå med heile landet. I Hordaland er indikatoren på 1,2, som viser ein mindre stram marknad. Dette kan likevel variere mellom næringar og yrkesgrupper.

	Mangel på arbeidskraft i antal personar	95% konfidensintervall for estimert mangel, nedre grense	95% konfidensintervall for estimert mangel, øvre grense	NAV stramhetsindikator	Del verksemdar med alvorlege rekrutteringsproblem
Oslo	8 500	4 602	12 904	2,3	13%
Akershus	4 250	3 105	5 289	1,4	17%
Trøndelag	4 150	2 778	4 906	1,8	10%
Nordland	4 050	3 238	5 102	3,3	19%
Hordaland	3 100	2 260	4 141	1,2	14%
Troms	2 450	1 607	3 326	2,8	17%
Østfold	2 400	1 884	3 082	1,8	15%
Buskerud	2 300	1 452	3 108	1,6	10%
Rogaland	1 800	1 392	2 525	0,8	9%
Møre og Romsdal	1 650	1 302	2 107	1,3	13%
Hedmark	1 550	1 136	1 992	1,6	10%
Finnmark	1 450	1 067	1 911	3,8	18%
Vestfold	1 400	1 053	1 797	1,2	11%
Telemark	1 200	849	1 518	1,4	14%
Aust-Agder	1 200	809	1 722	2,2	11%
Oppland	1 100	860	1 309	1,2	11%
Sogn og Fjordane	950	603	1 283	1,7	11%
Vest-Agder	850	614	1 122	1,0	9%
Totalt	44 400	39 068	49 110	1,7	13%

Tabell 3: Estimert mangel på arbeidskraft etter fylke. Kjelde: NAV bedriftsundersøking 2018.

3.3 Gjennomføring og progresjon i vidaregåande opplæring

Figur 3 viser kor mange av dei som starta på vidaregåande skule i 2012 som fem år seinare hadde fullført utdanninga. I Vestland fylke gjennomfører tre av fire elevar innan fem år. Det er på nivå med gjennomsnittet for Noreg. Ni av ti elevar på studieførebuande utdanningsprogram, og seks av ti elevar på yrkesfagleg utdanningsprogram gjennomfører innan fem år.


3.4 Svakast progresjon på yrkesfag

Progresjonen for elevane som starta på vidaregåande i 2012 låg for begge fylka nært gjennomsnittet for Noreg. Om lag 20 prosent av dei som starta på yrkesfag i 2012 hadde slutta fem år seinare. Tilsvarende for studieførebuande utdanningsprogram låg mellom 2,5 og 3,7 prosent for fylka.


Sogn og Fjordane hadde (sjå figur 3) høgare gjennomføringsgrad på yrkesfag enn Hordaland, men også ein større del elevar som slutta. Hordaland har også ein større del elevar som fullførte utan å bestå, eller som fullførte med den planlagde grunnkompetansen.

3.5 Fleire ut i lære i Sogn og Fjordane

Figur 4 viser kva elevane som var ferdig med vg2 i 2016 gjorde i 2017. Samanlikna med Hordaland og gjennomsnittet for Noreg, gikk ein høgare del av yrkesfagselevane i Sogn og Fjordane ut i lære, og ein lågare del byrja på påbygging til studiekompetanse. 38,3 prosent av elevane i Hordaland og 44 prosent av elevane i Sogn og Fjordane gikk over i lære. 24,2 prosent av elevane i Hordaland, mot 13,5 prosent i Sogn og Fjordane gikk over til påbygging til generell studiekompetanse.



Figur 3: Del elevar som har fullført vidaregåande opplæring fem år etter dei starta i 2012, etter fylke og kjønn. Tal for studieførebuande og yrkesfagleg program. Tala omfattar både private og offentlege skular. Kjelde: Skoleporten, Utdanningsdirektoratet.



Figur 4: Overgangar frå Vg2 for elevar på yrkesfag. Tal i prosent, 2017. Kjelde: Skoleporten, Utdanningsdirektoratet.

Fylkeskommunen har eit viktig ansvar for å dimensjonere opplæringstilboda for å dekke behovet i arbeids- og næringslivet. Samtidig er det fleire faktorar som avgjer om behovet faktisk vert dekket gjennom justering av tilbodsstruktur. Grad av gjennomføring, elevane sine planlagde løp til studiekompetanse via yrkesfag, og tilgang på læreplassar må sjåast i samanheng med dimensjoneringa.

3.6 Dimensjonering

Ein godt tilpassa tilbodsstruktur (dimensjonering) skal bidra til eit likeverdig opplæringstilbod i alle deler av Vestland. Opplæringstilbodet må dimensjoneres slik at alle som har rett til vidaregåande opplæring får denne innfridd utan at talet klassar/grupper vert høgare enn naudsynt. Grunnlaget for dimensjonering av kapasiteten til vg1 er talet elevar i grunnskulen, justert for kor mange som erfaringsmessig søker private skular. I tillegg vert kapasiteten justert for kor mange som kjem frå ulike introduksjonstilbod for minoritetsspråklege elevar og søkarar som gjer omval. Til vg2 er inntekne elevar i vg1 grunnlaget, justert for omval. I dimensjoneringa av opplæringstilbodet er det viktig å finne ein god balanse mellom å ha breidde i opplæringstilbodet, søkarane sine ønske, og arbeids- og næringslivet sine behov. I dei yrkesfaglege utdanningsprogramma bør det i størst mogeleg grad vere samsvar mellom kor mange skuleplassar ein har, kor mange læreplassar det er tilgang på og næringslivet sitt behov for arbeidskraft nokre år fram i tid. Dersom ein i tillegg kan dimensjonere opplæringstilbodet slik at det er relativt stabilt over tid er det ein fordel for kvaliteten i opplæringa fordi ein bygger opp og opprettheld fagmiljø og relasjonar mellom skule, næringsliv og lokalsamfunn.

Bergen står i ei særstilling når det gjeld demografi og infrastruktur med halvparten av innbyggjarane i Hordaland. Bergen har i tillegg folkerike omlandskommunar, der mange søkarar historisk sett vel å søke seg til skular i Bergen. Dette speglar seg også i dimensjoneringa av skuleplassar i Bergen kommune, der det er langt fleire skuleplassar enn det folketalet i aldersgruppa skulle tilseie. Tilsvarende er det i omlandskommunane færre elevplassar. Det er tydelege reisemønster frå omlandskommunane med tanke på jobb og skule, og det er god kommunikasjon til og frå Bergen. Skuletettleik og god kommunikasjon mellom bydelane og omlandskommunane gjer at søkarane søker skule på tvers av bydelar og kommunegrensar. Søkarane busette i Bergen kommune vil ha tilgang til alle utdanningsprogram innan ein time reiseveg kvar veg. Dette gjeld og for svært mange søkarar busett i dei folkerike kommunane som grensar opp mot Bergen.

Talet på elevplassar i private vidaregåande skular er ein viktig parameter når det offentlege vidaregåande tilbodet i Hordaland vert dimensjonert. Dersom det er lokalisert mange private elevplassar i ein region eller eit regionsenter, avgrensar dette det offentlege tilbodet når det gjeld elevplassar og fagtilbod. Det er i hovudsak i Bergen sentrum at talet på private elevplassar er betydeleg. I tillegg er Framnes Kristne vidaregåande skule ein betydeleg konkurrent for Kvam vidaregåande skule.

Dei aller fleste elevplassane i dei private vidaregåande skulane er på studiespesialiserande utdanningsprogram, og dei fleste av desse ligg i Bergen sentrum. Studiespesialiserande er det

økonomisk rimelegaste utdanningsprogrammet, og det er ei problemstilling knytt til at dei private skulane konkurrerer hovudsakeleg på desse tilboda, og ikkje på dei meir areal- og kostnadskrevjande utdanningsprogramma.

Når fylkeskommunen dimensjonerer skular og elevplassar må det takast omsyn til kapasiteten som eksisterer ved dei private skulane. Ein kan ikkje sjå bort frå desse elevplassane, då dette ville ført til ein unødvendig stor overkapasitet i dei offentlege skulane. Samtidig er det slik at fylkeskommunen skal kunne tilby ein skuleplass til alle med ungdomsrett i fylket. Dette gjeld også dersom ein av dei private skulane til dømes skulle stenge på kort varsel. Fylkeskommunen må operere med noko overkapasitet grunna det private utdanningstilbodet.

I Sogn og Fjordane søker dei fleste elevane seg til næraste skule. Geografien og skulestrukturen er slik at for søkarar som ikkje går ved næraste skule, vert reiseavstanden for mange meir enn ein time kvar veg. For ein del er alternativet då å flytte på hybel. I Sogn og Fjordane bur 25% av elevane på hybel, delvis frivillig, men ein del vert ufrivillige hybelbuarar.

Sidan majoriteten av søkarane søker seg til næraste skule, har skulane såleis tydelege inntakskommunar. Endringar i tal avgangselevar i kommunane har såleis stor betyding for dimensjonering av vg1. Gjennom best mogeleg tilpassing til lokale svingingar forsøker ein å unngå at ungdommane vert ufrivillige hybelbuarar.

4) Prosessen med utarbeiding av sak om opplæringstilbod

Dagens inntaksordningar og inntaksområde vert vidareført for skuleåret 2020/21. Prosessane som ligg til grunn for dei politiske sakene som har vert lagt fram har vore ulike i fylka, og desse ulike prosessane er vidareført som grunnlag for saka fylkesdirektør for opplæring og kompetanse legg fram.

Felles for begge fylka er at våren 2019 bad fylkesdirektøren dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune om å gi innspel til dei nye yrkesfaglege utdanningsprogramma og kva skulane såg som naturleg å tilby. I tillegg var fylkesdirektøren interessert i å vite kva for eksisterande programområde eventuelt nye skal erstatte, og kva bygnings- og utstyrsbehov endringane ville krevje. Tilbakemeldingane viser at ønska om å tilby nye utdanningsprogram og programområde overskridd forventa behov.

4.1 Hordaland

Framlegg til endringar i tilbodsstruktur baserer seg på eit breitt grunnlag. Framlegget er ein konsekvens av

- Følger av vedtak som vart gjort av fylkesutvalet i Hordaland, i tilsvarande sak, desember 2018.
- Tilbod som vart oppretta eller lagt ned i samband med prognoseinntaket våren 2019, kan medføre nedlegging eller vidareføring/oppretting av tal klassar eller programområde til vg2 og vg3. I Hordaland hadde fylkesrådmannen fullmakt til å justere klasse-/elevtal ved den einskilde skule på grunnlag av søkartala etter prognoseinntaket dersom det ikkje førte til oppretting eller nedlegging av utdanningsprogram eller programområde. I denne saka ligg alle justeringar som politiske vedtak.
- Tilpassing til næringslivet sitt behov for arbeidskraft og venta tilgang på læreplassar
- Innføring av ny yrkesfagstruktur på vg1 frå 2020/21
- Oppfølging av vedteken skulebruksplan
- Oppfølging av utviding av studieførebuande tilbod i utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag.

Rektorane ved dei vidaregåande skulane har gitt innspel til tilbodet ved eigen skule. Endringsforslaga har vore sak på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde. Saka har vore handsama i yrkesopplæringsnemnda i Hordaland.

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft er vedteke av Hordaland fylkesting, og skal vere eit verktøy for å setje retning og samordne arbeidet med kompetanseutvikling i Hordaland. Planen er utarbeidd i samarbeid med aktørar frå næringslivet, utdanningssektoren og offentleg sektor. Det gjennomgåande prinsippet i planen er at arbeidslivets behov skal vektleggjast i mykje større grad enn tidlegare.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å koordinere og utvikle kompetansepolitikken i Hordalandsregionen. Fylkeskommunen leier arbeidet med Kompetanseforum Hordaland som er samarbeidsorganet for kompetansearbeid i regionen.

Kompetanseforum Hordaland vedtok i november 2018 eit årshjul for arbeidet med dimensjonering av utdanningstilboda. I tråd med dette utarbeider statistikkutvalet kunnskapsgrunnlag som viser utfordringane i regionen knytt til kompetanse.

Kunnskapsgrunnlaget saman med innspela frå dei lokale samarbeidsarenaene og bransjekontaktane, viser at det er udekte kompetansebehov knytt til både vidaregåande opplæring, fagskule og universitets- og høgskulenivå. Dei største utfordringane som vert trekt fram, særleg knytt til vidaregåande opplæringstilbod er:

- Det er stort behov for å utdanne fleire til *helse- og omsorgssektoren*. Spesielt er behovet for fleire helsefagarbeidarar og sjukepleiarar stort og behovet vil auke over tid.
- Næringslivet har behov for *fleire fagarbeidarar*. Dette kjem fram både i NHO sitt Kompetansebarometer og i innspela frå regionane og bransjekontaktane. Spesielt vert tømrarfaget trekt fram. Men det meldast og om behov for å utdanne fleire fagarbeidarar innan elektro, automasjon, TIP, betongfag, akvakultur og restaurant og matfag. Behova varierer mellom regionane.
- Sunnhordland, Hardanger og bransjen melder at det er behov for fleire utdanningstilbod knytt til *reiselivsnæringa*. For bransjen er det viktig å få opp eit heilskapleg utdanningsløp frå og med vidaregåande skule til høgskule/universitet.
- Eit gjennomgåande innspel er behovet for digital kompetanse. Dette omfattar alle utdanningsnivåa. Spesifikke behov som vert trekt fram er mellom anna kompetansebehov knytt til systemutvikling, koding og forretningsutvikling (NCE Media, GCE Ocean Technology og Bergen Næringsråd), kompetanse innan kunstig intelligens og styringssystem (NCE Seafood Innovation). Desse spesifikke behova må i all hovudsak løysast innan høgare utdanning og etter- og vidareutdanning.

4.2 Sogn og Fjordane

På grunnlag av inntekne elevar og tal avgangselevar frå grunnskulane kjem rektorane med innspel til tilbodet ved sin skule. Fylkesdirektøren inviterer opplæringskontora i fylket (80 % av kontraktane går gjennom opplæringskontor) til to årlege møte der ein drøftar endringar i behovet for faglært arbeidskraft og læreplassituasjonen. Grunnlaget er inntekne elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram og formidling til læreplassar. Opplæringskontora melder også tilbake skriftleg, og desse innspela er grunnlag for fagopplæringsnemnda (FON) si handsaming av opplæringstilbodet for kommande år. Når FON har gjort vedtak er det del av grunnlaget for fylkesdirektøren sitt saksframlegg, og det vert lagt vekt på FON sine vurderingar.

Fylkesdirektøren konstaterer at FON er svært oppteken av behova for faglært arbeidskraft i næringslivet, og at nemnda meiner at desse behova må vektast på same nivå som elevane sine ønske. På vg1-nivå har søkarane rett på inntak til eitt av tre valde utdanningsprogram, og desse vala kan fylkesdirektøren ikkje overstyre. Fylkesdirektøren viser til den tette dialogen det har vore med opplæringskontora og fagopplæringsnemnda dei seinare åra for nettopp å tilpasse tilbodsstrukturen til behova for fagarbeidarar. Justering av kapasiteten på vg1 og tilpassingar mellom programområde på vg2 har i stor grad vorte gjort på grunnlag av denne dialogen.

I FON si tilråding til hovudutval for opplæring og kompetanse peikar dei på auka behov for lærlingar i byggfag og i industriteknologifaga, og rår til at tilbodet i begge utdanningsprogramma vert auka.

Til vedtakspunkta om mobilitet og marknadsføring ser fylkesdirektøren at alle partar har same interesse av å lukkast med dette. Vår erfaring er at dei vidaregåande skulane brukar tid med elevane på problemstillingar knytt til kravet om mobilitet i arbeidslivet. Dei ulike opplæringskontora og bedriftene må sjølv ta rolla som «ambassadørar» for sine fag i møte med unge og vaksne, og vise mogelegheitene i faga.

I vedtakspunktet om samarbeid mellom dei vidaregåande skulane peikar nemnda på behovet for samarbeid, delvis for å kompensere for små skular og låge elevtal. Samarbeid mellom skular er ikkje nytt, likevel er det rom for å prøve ut konkrete nye tiltak.

Innspela om kapasitet og endringar i utdanningsprogram/programområde er del av fylkesdirektøren sitt vurderingsgrunnlag, og vert omtala under utdanningsprogramma der ein finn det naturleg.

Fagopplæringsnemnda si tilråding til hovudutval for opplæring og kompetanse ligg som vedlegg 1.

Rektorane vart i brev datert 6.9.19 inviterte til å kome med andre innspel til neste års opplæringstilbod ut over dei fire nye utdanningsprogramma.

Det er ingen konkrete framlegg om nye programområde ved skulane. Ut over nødvendige justeringar på vg2 og vg3, som konsekvens av kapasiteten på vg1 og vg2 i år, er det berre få framlegg til auke i eksisterande tilbod ved skulane. Som tidlegare år har fylkesdirektøren gjort ei vurdering også av programområda som ikkje vart sette i gang grunna for lita søking.

5) Fylkesdekkande tilbod

Fellesnemnda vedtok i mars 2019 (PS 19/2019) at fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/21. Med utgangspunkt i at inntaksområda skal vidareførast for skuleåret 2020/21, er fylkesdekkande tilbod alle tilbod som ikkje finst i både Hordaland og Sogn og Fjordane. Vedlegg 2 viser dei fylkesdekkande tilboda, som er tilbod der Sogn og Fjordane fylkeskommune tidlegare kjøpte elevplassar frå Hordaland fylkeskommune. Erfaringane er at med unntak av nokre få populære programområde, det er relativt få som søker til tilbod utanfor noverande fylke.

6) Utviding av ordninga for ungdom i grenseområda

I same møte 13.3.19, vedtok fellesnemnda at «det må utgreiast om ordninga for ungdomar i grenseområda mellom Sogn og Fjordane og Hordaland skal utvidast til å gjelde for fleire elevar i vidaregåande skular, fram til saka kjem i oktober 2019».

Fylkesdirektøren har vurdert om grenseområda skal utvidast – altså om fleire elevar som bur langs grensa mellom dagens to fylke skal kunne søke til ein skule som ligg i nærleiken av heim, men i det fylket elevane ikkje er busett i. Fylkesdirektøren ønsker å sjå dimensjonering og behov for skuleskyss i ein heilskap. Difor avventar fylkesdirektøren vedtak om val av inntaksmodell og -område før ein ser på moglege utvidingar i eventuelle grenseområde. Den saka kjem til politisk handsaming våren 2020.

7) Nasjonale endringar i tilbodsstrukturen

7.1 Ny tilbodsstruktur for yrkesfag frå hausten 2020

I mars 2018 fastsette regjeringa ny tilbodsstruktur for yrkesfag, gjeldande frå 2020.

Tal utdanningsprogram vert utvida frå åtte til ti, med grunngiving i å samle elevar som har meir fagleg innhald til felles. Utdanningsprogramma design og handverk og service og samferdsel vert erstatta av fire nye utdanningsprogram, og det faglege innhaldet vil bli vidareført i desse programma. IKT, tradisjonshandverk, frisør og sal vert løfta fram i sine eigne utdanningsprogram.

Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma vert som følger frå 2020 (dei nye i kursiv):

- Bygg- og anleggsteknikk
- Elektrofag
- Helse- og oppvekstfag
- Naturbruk
- Restaurant- og matfag
- Teknikk og industriell produksjon
- *Design og tradisjonshandverk*
- *Informasjonsteknologi og medieproduksjon*
- *Sal, service og reiseliv*
- *Frisør-, blomster- og interiørdesign*

7.1.1 Endringar

Informasjonsteknologi og medieproduksjon vert eit nytt utdanningsprogram med nytt innhald. I vg3 er det føreslått fem nye lærefag. Desse lærefaga og strukturen i utdanningsprogrammet skal på høyring hausten 2019. Kunnskapsdepartementet fastset strukturen etter høyringa.

- Frå vg2 IKT kan elevane velje mellom IT-drift og IT-utvikling.
- Frå vg2 medieproduksjon kan elevane velje mellom tre nye lærefag: medieproduksjon, mediedesign og medieteknikk.
- Kontor- og administrasjonsfaget og resepsjonsfaget vert erstatta av eit nytt fag, med nytt innhald og nytt namn.
- Vg2 byggtknikk bli delt i vg2 tømmer og vg2 betong og mur
- Vg2 klima, energi- og miljøteknikk vert delt i vg2 røyr og vg2 ventilasjon, membran og taktekking
- Vg2 matfag vert delt i vg2 baker og konditor, og vg2 industriell matproduksjon.
- Det vert oppretta fleire nye lærefag innanfor fleire av utdanningsprogramma. Dette gjeld dyrefaget, anleggsrørggarfaget, vegdrift- og vegvedlikehaldsfaget, ventilasjonsteknikkfaget og truck- og liftmekanikarfaget.

7.1.2 Innfasing av ny yrkesfagstruktur

På bakgrunn av endringane i tilbodsstrukturen på yrkesfag, vert det både oppretta nye utdanningsprogram på vg1, og gjort endringar på programområdenivå på vg2. Desse endringane må takast høgde for, både i Sogn og Fjordane og Hordaland ved fastsetting av tilbodsstruktur frå og med skuleåret 2020/21.

Første felles inntak og felles tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune vil vere skuleåret 2021/22. Det er likevel føremålstenleg at dei to fylka allereie ved fastsetting av struktur for skuleåret 2020/21 ser ny tilbodsstruktur i samanheng, for å skape grunnlag for ein meir tilpassa og heilskapleg framtidig struktur for Vestland fylkeskommune.

Dei nye utdanningsprogramma, som vil medføre endringar på vg1 allereie frå hausten 2020, må lokaliseras og dimensjoneras i denne saka. Fylkesdirektøren treng tid til prosess med opplæringskontor og bransjar, og må difor kome tilbake til dimensjonering av vg2-tilboda våren 2020.

7.1.3 Yrkesfaglig opphenting – Overgang vg1 studiespesialisering til vg2 i eit yrkesfag

Ordninga går ut på at elevar som har fullført vg1 studiespesialisering kan søke seg til vg2 yrkesfag, og fullføre eit yrkesfagleg løp på normert tid. Etter vg1 vil elevane fylle kravet til fellesfag på vg2 yrkesfag, noko som frigjer 196 timar til opphenting av programfag frå yrkesfaget på vg1.

Det er få fylke som har teke ordninga i bruk, men Telemark, Oslo og Vestfold har noko erfaring med ordninga. Felles for dei er at dei melder at søkarar viser relativt liten interesse for ordninga. Tilbod om

overgang frå vg1 studiespesialisering til vg2 yrkesfag har vore lyst ut i mange utdanningsprogram, men ikkje kome i gang pga. manglande søking. Det har vore ein føresetnad at søkarane har fullført og bestått vg1 studiespesialisering, som til ein viss grad har redusert talet på aktuelle søkarar.

Dei fylka som så langt har prøvd ut ordninga ser at dette tilbodet må vere knytt til fag med god tilgang på læreplassar, men med for svak søking. Dersom ein skal ha "kontroll" på dimensjoneringa i høve behov for faglært arbeidskraft og kapasiteten i form av læreplassar, ser dei ikkje føre seg oppretting av tilbodet i t.d. elektrofag. Dersom søkarane frå vg1 studiespesialisering konkurrerer ut elevar frå vg1 elektrofag, aukar kapasitetsbehovet på vg2, fordi alle frå vg1 elektro også har rett på eit vg2-tilbod i utdanningsprogrammet.

Dei tre fylka har opna for at skulane kan lyse ut tilbod, men fram til no har skulane måtte dekke kostnadane utan særskilt løyving.

Telemark fylkeskommune lyste ut tilbod i fire ulike programområde, men tilbodet vart berre sett i gang i vg2 kjemiprosess og laboratoriefag (felles opplæring). Oslo lyste ut i alt ni programområde på vg2, men berre fire av dei kom i gang, der to av tilboda berre hadde ein elev. Felles for alle er at denne elevgruppa går i den ordinære vg2-klassen.

Fylkesdirektøren si vurdering er at ein må sikre at tilbodet om opphenting av programfag frå vg1 har god nok kvalitet, og at det truleg ikkje er realistisk utan å tilføre midlar. Fylkesdirektøren har ikkje prioritert utgreiing av yrkesfagleg opphenting for skuleåret 2020/21, og vil eventuelt jobbe vidare med moglege tilbod frå skuleåret 2021/22.

7.2 Vurdering av dei fire nye utdanningsprogramma

Design- og tradisjonshandverk (DT)

Det tidlegare utdanningsprogrammet på vg1, design og handverk, vert frå hausten 2020 erstatta av design og tradisjonshandverk (DT), og frisør-, blomster- og interiørdesign (FBI).

Vg1 DT leier til åtte programområde på vg2:

- Børsemakar
- Båtbygger
- Duodji
- Gull- og sølvsmidhandverk
- Smed
- Søm og tekstilhandverk
- Trearbeid
- Ur- og instrumentmakar

Til grunn for vurderingane fylkesdirektøren gjer ved lokalisering og dimensjonering av utdanningstilbodet på vg1, ligg særleg erfaringar om søkargrunnlag og tilgang på læreplassar etter endt vg2.

Både nasjonalt og i Vestland har det vore nedgang i søknad til tilboda innan DT. Som ein kan sjå av tabell 4 (under), er det også over tid få moglegheiter for elevane til å gå ut i lære etter vg2. I eit fullføringsperspektiv viser erfaringar lokalt og forskning på området at overgangen frå vg2 til vg3 på yrkesfag er den mest kritiske overgangen for elevane med tanke på å ende opp med fag-/sveinebrev eller studiekompetanse. Det er då viktig at fylkeskommunen tek høgde for tilgjengelege læreplassar ved dimensjonering av dei ulike tilboda.

Tilbodet på DT er smalt når ein ser på omfanget elevar som går på tilsvarande tilbod i dag. Fylkesdirektøren tilrår at vg1 DT vert dimensjonert deretter, og at det på vg2 vert oppretta tilbod innan søm og tekstilhandverk. Odda vgs sitt landslinetilbod på vg2 smed kjem i tillegg til dette.

Tilbodet på DT vert i hovudsak lagt til Bergen, med unnatak av nemnte vg2 smed.

I tillegg tilrår fylkesdirektøren at det vert lagt til rette for eit 1+3-løp på Eid vgs, som er retta mot møbelsnekkar. Det er eit stort behov for arbeidskraft i møbelindustrien på Sunnmøre og i Nordfjord. Her vil elevane gå vg1 på skule, før dei signerer lærekontrakt med bedrift. Fylkesdirektøren meiner det kan vere ei god løysing at vg1 tilbodet ved Eid vgs vert spissa mot små tradisjonshandverksfag.

Frisør, blomster- og interiørdesign (FBI)

Utdanningsprogrammet er nyoppretta frå hausten 2020, og skal dekke programområde på vg2 som tidlegare låg under Design og handverk.

Det er avgrensa kor mange tilgjengelege lære plassar det er innan utdanningsprogrammet i dag. Frisørfaget er det som skil seg ut, med eit visst omfang, jf. tabell 4. Samtidig er det mange elevar som vel å ta frisørutdanninga gjennom privatskular, noko som påverkar dimensjoneringa av tilbodet i offentleg vidaregåande skule.

Vg1 FBI leier til tre programområde på vg2:

- Blomsterdekoratør
- Frisør
- Interiør- og utstillingsdesign

Fylkesdirektøren vurderer også dette tilbodet til å vere smalt og med eit avgrensa rekrutteringsgrunnlag, der ein sentral skule i Bergen bør ha eit breitt tilbod på vg2. Samtidig er det eit tilbod som bør vere til stades på fleire stader i fylket, og det er nærliggande å vidareføre samarbeidet mellom Eid vgs og Opera Nordfjord. Bransjane i området etterspør kompetanse innan både frisør og interiørdesign. Voss gymnas har nye og moderne lokalar for utdanningsprogrammet, og vil representere eit tilbod i indre strok av Vestland fylkeskommune.

Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM)

Utdanningsprogrammet kombinerer IKT frå tidlegare service og samferdsel, og medieproduksjon som midlertidig var lagt til design og handverk.

Vg1 IM leier til to programområde på vg2:

- IKT-servicefag
- Medieproduksjon

I Hordaland har det vore etterspurnad etter kompetansen til elevar som går IKT-servicefag (gamal struktur), medan i Sogn og Fjordane har dataelektronikarfaget i større grad dekkja dette kompetansebehovet. I ny struktur vert IKT styrka, der faget på vg2 skal gi elevane etterspurt kompetanse i bransjerelatert og tidsriktig teknologi. Elevane skal bli rusta til å møte arbeidslivet sitt behov for å utvikle og drifte tenester. På vg3 IT-driftsfaget (utkast til namn) skal faget bidra til å utvikle kompetanse som skal ta i vare stabile, sikre og effektive IT-tenester som bidrar til verdiskaping og utvikling av verksemda. Vg3 (IT-utviklarfaget) skal gi kompetanse til å lage system som rasjonaliserer prosesser og skaper meirverdi for verksemd og samfunn. Faget skal gi lærlingen kompetanse til å visualisere og analysere data, og vurdere ny teknologi som er framtidsretta og etterspurt i bransje og samfunn. Det nye vg2-programområdet er såleis ei styrking og vidareutvikling av IKT-feltet, samanlikna med gamal struktur. Fylkesdirektøren vurderer at det er naudsynt å oppretthalde dimensjonering på dette tilbodet, med utgangspunkt i dagens tilbodsstruktur.

Etterspurnaden etter medieproduksjon har vore mindre, noko som er synleg i tabell 4, oversikt over lære plassar i faget. Her er det truleg at det for mange elevar vil føre til eit løp mot vg3 påbygging. Dimensjonering av tilbodet må spegle dette, og erfaringar knytt til framtidig etterspurnad av lære plassar vil kunne regulere tilbodet i framtidige sakar om opplæringstilbod. Tilbodet på medieproduksjon vert i tillegg lagt til skular med erfaring med mediefag, og som i dag tilbyr utdanningsprogrammet Medium og kommunikasjon, for å utnytte kompetanse og utstyr.

Sal, service og reiseliv

Utdanningsprogrammet erstattar det gamle service og samferdsel, men kor IKT-servicefag er teke ut i eit nytt utdanningsprogram. Vg2 transport og logistikk vert flytta til TIP.

Vg1 SS leier til to programområde på vg2:

- Sal og reiseliv
- Service og sikkerheit

Dagens dimensjonering av tilboda på vg2 er noko høgare enn tal tilgjengelege læreplassar, og i perioden 2016-2019 har det årleg lege mellom 93 og 108 godkjente lærekontraktar i Hordaland. Faget har ikkje like lange tradisjonar for eit løp mot fag-/sveinebrev som andre tradisjonelle yrkesfag, som t.d. bygg- og anleggsteknikk.

Utdanningsprogrammet er breitt representert i dei ulike områda i fylket, og spelar ei viktig rolle for kjønnsbalanse ved skulane. Tilbodet er også viktig for å både gi ein breiare tilbodsstruktur, og vere eit tilbod for ulike elevgrupper.

Bygg- og anleggsteknikk

Bygg og anleggsteknikk (BA) får ikkje ny struktur på vg1, men vil få større endringar på vg2-nivå, med deling av programområde. I tillegg vert vg2 anleggsgartnar flytta hit frå Naturbruk. Desse endringane trer ikkje i kraft før hausten 2021, så det er såleis ikkje behov for å sjå på desse tilboda på same måte som dei fire nye utdanningsprogramma.

Lokalisering og dimensjonering av tilboda på vg2 frå 2021 er i utgangspunktet gjenstand for politisk handsaming hausten 2020. Grunna større endringar på vg2 er det likevel tenleg å setje lokalisering og dimensjonering av programområde som i større grad vert påverka av ny yrkesfagstruktur allereie våren 2020. Dette vil påverke skulane sitt arbeid med rekruttering til vg2, kompetanseheving, samarbeid med arbeids- og næringsliv, og moglege behov for tilpassing av eksisterande areal. Her vil fylkesdirektøren gå i dialog med arbeids- og næringslivet for å ha eit best moglege grunnlag for å dimensjonere riktig, så fylkeskommunen er ein aktiv bidragsytar for å gi arbeids- og næringslivet god og riktig kompetanse.

Endringane på vg2 BA frå hausten 2021 er:

- Vg2 byggteknikk vert delt i vg2 tømmer og vg2 betong og mur
- Vg2 klima-, energi- og miljøteknikk vert delt i vg2 rør, og vg2 ventilasjon, membran og takteking
- Vg2 anleggsgartnar vert flytta frå Naturbruk til BA.

I eksisterande struktur rekrutterer vg1 særleg til vg2 byggteknikk. I Hordaland går 258 av 345 elevar, (75 %) og i Sogn og Fjordane 89 av 136 elevar (65 %) på vg2 byggteknikk skuleåret 2019/20.

Oversikt over nye lærekontraktar innan dei nye utdanningsprogramma 2016-2019

Utd.program	V2 Ny struktur	Hordaland				Sogn og Fjordane			
		2016	2017	2018	per 01.09.19	2016	2017	2018	per 01.09.19
Informasjonsteknologi og medieproduksjon	Informasjonsteknologi	46	45	48	42	9	11	5	8
	Medieproduksjon	6	5	2	3			1	
Sal, service og reiseliv	Salg og reiseliv	34	37	35	39	18	32	23	25
	Service og sikkerhet	74	59	58	57	3	12	6	8
Frisør-, blomster og interiørdesign	Blomsterdekor	6	10	7	2			1	1
	Frisør	114	86	78	59	4	11	10	9
	Interiør og utstillingsdesign	1							
Design og tradisjonshandverk	Børsemaker	1							
	Båtbygger		3	2	1		2	1	
	Gull- og sølvsmedhandverk	1		1					
	Smed	1		2	1				
	Søm og tekstilhåndverk	2	3	1	1			1	1
	Trearbeid	1	4					1	
	Særlop	1	1	3	2				

Tabell 4: oversikt over nye lærekontraktar 2016-2019, per programområde. Sett opp som ny yrkesfagstruktur.

8) Netto endringar i klassetal

Kapittelet viser netto endring i elev- og klassetal per utdanningsprogram, for opplæringstilboda skuleåret 2020/21, samanlikna med tilbod som blei sett i gang skuleåret 2019/20. Tala er ei oppsummering av dei vurderingane fylkesdirektøren gjer i kapittel 10, kor det er ein gjengang av alle utdanningsprogram. Vurderingane er gjort for både Hordaland og Sogn og Fjordane, jf. vedtak om å vidareføre inntaksordningar og -område for skuleåret 2020/21.

8.1 Hordaland

Utdanningsprogram	Nto endring klassetal	Nto endring elevplasstal
Restaurant og matfag (RM)	1	5
Service og Samferdsel (SS)*	-14	-210
Bygg- og anleggsteknikk (BA)	1	15
Teknikk og industriell produksjon (TIP)	2	30
Elektrofag (EL)	1	15
Helse og oppvekstfag (HO)	3	45
Naturbruk (NA)	0	0
Design og handverk (DH)*	-6	-90
Medium og kommunikasjon (ME)	1	30
Kunst, design og arkitektur (KDA)	0	0
Musikk, dans og drama (MDD)	0	0
Studiespesialiserande (ST)	-5	-150
Idrettsfag (ID)	0	0
Innføringstilbod for minoritetsspråklege	0	0
<i>Design og tradisjonshandverk*</i>	2	30
<i>Frisør-, blomster- og interiørdesign*</i>	5	75
<i>Informasjonsteknologi og medieproduksjon*</i>	5	75
<i>Sal, service og reiseliv*</i>	15	225
Sum netto endring	11	95

Tabell 5: Netto endring klassetal og elevplasstal, Hordaland, skuleåret 2020/21

* Utdanningsprogram merka i kursiv er nye på vg1 frå hausten 2020, som følge av ny struktur på yrkesfag. Desse vil erstatte utdanningsprogramma service og samferdsel, og design og handverk.

8.2 Sogn og Fjordane

Utdanningsprogram	Netto endring klassetal	Netto endring plasstal
Restaurant og matfag (RM)	1	12
Service og Samferdsel (SS)*	-4	-60
Bygg- og anleggsteknikk (BA)	-1	-12
Teknikk og industriell produksjon (TIP)	-1	-15
Elektrofag (EL)	-2	-26
Helse og oppvekstfag (HO)	-0,5	-7
Naturbruk (NA)	1,5	18
Design og handverk (DH)*	-1,5	-23
Medium og kommunikasjon (ME)	-0,5	-15

Kunst, design og arkitektur (KDA)	-0,5	-15
Musikk, dans og drama (MDD)	0	0
Studiespesialiserande (ST)	1	30
Idrettsfag (ID)	-1	-30
<i>Design og tradisjonshandverk*</i>	1	15
<i>Frisør-, blomster- og interiørdesign*</i>	1	15
<i>Informasjonsteknologi og medieproduksjon*</i>	1	15
<i>Sal, service og reiseliv*</i>	4	60
Sum netto endring	-1,5	-38

Tabell 6: Netto endring klassetal og elevplasstal, Sogn og Fjordane, skuleåret 2020/21

9) Økonomisk ramme

Hordaland

Sak om opplæringstilbod for 2019/20 var handsama i fylkesutvalet 6.12.2018 (PS 287/2018). I framlegg til budsjett for 2019 var det lagt til grunn at klassetalet skuleåret 2019/20 vart redusert med mellom 5 og 10 klassar.

Skuleåret 2019/20 vart det sett i gang 772,5 klassar, mot 780 klassar i skuleåret 2018/19, ein reduksjon på 7,5 klassar. Tilboda blei såleis sett i gang innanfor den økonomiske ramma.

Med utgangspunkt i at tilbodet som vert sett i gang hausten 2020 skal vere innanfor økonomisk ramme, legg fylkesdirektøren til grunn at det i justeringssaka våren 2020 vert ein reduksjon på 11 klassar i Vestland fylkeskommune. I justeringssaka vert det gjort framlegg om å legge ned klassar som har svakt søkargrunnlag. Ein tek då utgangspunkt i kor mange elevar som har tilbodet som primærønske (førsteønske), men det vert også gjort ein grundig analyse av kor mange elevar skulen kan rekne med å få på tilbodet totalt sett ved skulestart, med særleg vekt på dei som har tilbodet som ønskje 1-3.

Sogn og Fjordane

I vedtaket om justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2019/20 (HO-sak 7/19) vart det, innanfor den økonomiske ramma, ikkje funne rom til ein klasseressurs til fylkesrådmannen sin disposisjon i samband med inntaket. Det vart vedteke å sette i gang 223 klassar. Ein klasse vart likevel ikkje sett i gang, då andre inntak viste at dei fleste søkarane hadde fått andre tilbod eller trekt søknaden sin.

Etter at skulane hadde teke over inntaket vart det oppdaga at programområde på vg2 naturbruk ved Måløy vgs ikkje var justert opp i tråd med tal elevar som gjekk ut av vg1. Nødvendige ressursar er tilført skulen i ettertid, og det reelle talet for inneverande år er 223 klasser.

Løyving på nivå med inneverande år gir ramme til eit opplæringstilbod for skuleåret 2020/21 som svarar til 223 klasser. Fylkesdirektøren sitt framlegg bygger på denne ramma.

Utviding av plasstalet i yrkesfagelege klassar i Sogn og Fjordane

Ein del av harmoniseringa mellom dei to eksisterande fylka er at Sogn og Fjordane aukar plasstalet i yrkesfagklassane til 15 plassar, slik det er i Hordaland. Per i dag er det berre i utdanningsprogramma helse- og oppvekstfag, og sal, service og reiseliv det er 15 plassar per klasse. Dei andre yrkesfagelege utdanningsprogramma har i all hovudsak 12 plassar i kvar klasse.

Sidan det i Sogn og Fjordane ikkje er eigne søkbare tilbod for elevar med særskilte behov (HT-klassar), har fylkesdirektøren og skulane ein dialog kvar vår i forkant av inntaket til vidaregåande

opplæring. Der skulane har søkarar som av forskjellige årsaker har behov for å følge eigne opplegg utanfor klassen, vert plasstalet i klassen auka tilsvarande.

Skulestrukturen i Sogn og Fjordane er svært desentralisert, med om lag 4500 elevar fordelte på 11 vidaregåande skular. Denne strukturen har vore prioritert politisk, og har sett rammer for skuleutbygginga i Sogn og Fjordane. Det har vore ei uttalt målsetting at klasseromma for yrkesfag skulle byggjast for 12 elevar. Ved nybygg og rehabilitering av dei større skulane skulle ein ikkje endre søkargrunnlaget i dei ulike regionane, som alle har små og store skular.

Dei gitte rammene kjem til uttrykk gjennom storleiken på klasseromma med tilhøyrande dimensjonering av ventilasjonsanlegg, m.m. Fylkesdirektøren har no hatt ein grundig prosess med alle dei ni skulane med yrkesfag, og har gått gjennom alle utdanningsprogramma og tilgjengeleg areal.

Det er nytta arealnorm ned mot 2 m² per elev og 4 m² for lærar, og det er teke omsyn til utforming, lys og faste installasjonar. I prosessen har ein vurdert alle klassar for auke mot 15 plassar. Der det er plass til utviding, men ikkje til 15 plassar, er plasstalet sett til 13 eller 14. På grunnlag av dette arbeidet er det gitt plass til over 100 fleire elevar i eksisterande klassar. Det er i overkant av ein tredel av mogeleg teoretisk auke, utan omsyn til om det er fysisk plass til elevane eller ikkje. Fylkesdirektøren si vurdering er at dette i all hovudsak er den auken det er rom for, utan bygningsmessige tilpassingar.

Auka tal plassar i yrkesfagklassane gir konsekvensar for talet klassar det er behov for, samtidig som ein opprettheld same kapasiteten. Plasstalsauken gir mest utslag i programområda med størst volum. I programområde der det samla sett kan opprettast 10-15 plassar eller meir, er klassetalet redusert. Samla har ein plasstalsauke gitt behov for fire færre klassar, tre klassar på vg1-nivå og ein klasse på vg2-nivå. I gjennomgangen av dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er det presisert kvar auka plasstal gir utslag. I drøftinga av kapasitetsbehovet går det også fram kva for klassar fylkesdirektøren tilrår ikkje vert lyste ut som konsekvens av auka plasstal.

Fylkesdirektøren har forsøkt å fordele klassetalsreduksjonen mellom dei skulane som har meir enn ein klasse i programområdet. Dette er gjort både for å unngå endringar i strukturen som vert lyst ut og for å fordele «effektivitetsgevinsten» mellom skulane.

10) Fylkesdirektøren sitt samla framlegg til endringar i opplæringstilbodet

Vedlegg 2 viser opplæringstilbodet i Hordaland og Sogn og Fjordane skuleåret 2019/20. Framlegg til endringar er med utgangspunkt i tilbod som vart sett i gang 2019/20.

10.1 Hordaland

Framlegget til endringar i opplæringstilbodet er presentert per utdanningsprogram, og endringane er vist ut frå tilbod som er sett i gang skuleåret 2019/20.

10.1.1 Medium og kommunikasjon og kunst, design og arkitektur (ME og KDA)

ME vert i dag tilbudd ved Stord vgs, Nordahl Grieg vgs, Arna vgs og Amalie Skram vgs.

Stord vgs:

På grunn av lite søkjartal vart vg2 ME lagt ned skuleåret 2018/19, men vart oppretta igjen skuleåret 2019/20. For at desse elevane skal kunne fullføre utdanninga si må vg3 ME opprettast igjen frå skuleåret 2020/21.

Elles ingen justeringar i tilbodsstrukturen for 2020/21.

Klassetal og framlegg til endringar:

Medium og kommunikasjon

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
14	1	30

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Stord vgs	Vg3 ME	1	30
Netto endring		1	30

Kunst, design og arkitektur

KDA vert i dag tilbudd ved Årstad vgs, Voss gymnas, Olsvikåsen vgs og Fusa vgs.

Det er ikkje gjort framlegg om endringar i tilbudsstrukturen på KDA.

Klassetal:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
11	0	0

10.1.2 Musikk, dans og drama (MDD)

MDD vert i dag tilbudd ved Fyllingsdalen vgs, Voss gymnas, Stord vgs og Langhaugen vgs.

Det er ikkje gjort framlegg om endringar i tilbudsstrukturen på MDD.

Klassetal:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
16	0	0

10.1.3 Studiespesialisering (ST)*

ST* vert i dag tilbudd ved Årstad vgs, Åsane vgs (berre PB), Kvam vgs, Voss gymnas, Tertnes vgs, Stord vgs, Sotra vgs, Stend vgs (berre PB), Slåtthaug vgs (berre PB), Os vgs (berre PB), Sandsli vgs, Amalie Skram vgs, Osterøy vgs, Os gymnas, Olsvikåsen vgs, Odda vgs, Nordahl Grieg vgs, Laksevåg vgs (berre PB), Langhaugen vgs, Kvinnherad vgs, Knarvik vgs, Fyllingsdalen vgs, Fitjar vgs (berre PB), Bømlo vgs, Bergen Katedralskole, Austrheim vgs, Austevoll vgs, Askøy vgs og Arna vgs.

* inkludert vg3/vg4 påbygg og toppidrett på Tertnes vgs.

** Tabellen over tal klassar skuleåret 2019/20 rommar også vg3 og vg4 TAF/YSK og vg3 EL og HO m/ST.

Kvam vgs:

Sommaren 2019 fekk skulen melding om reduksjon av ein klasse ved vg2 studiespesialisering. Det betyr at ein klasse vg3 vert lagt ned skuleåret 2020/21. Samtidig er det fleire utvekslingselevar som kjem tilbake til vg3 skuleåret 2020/21. Ved behov, vert klassetalet for vg3 ST justert opp ved prognoseinntaket våren 2020.

Os gymnas:

Skulen har inneverande skuleår berre to klassar på vg2 studiespesialisering, men tre klassar på vg3. Dette fører til at ein må redusere klassetalet på vg3 frå tre til to klassar frå skuleåret 2020/21.

Bergen Katedralskole:

I forbindelse med overføring av klassar frå Laksevåg vgs har skulen inneverande skuleår sju vg3 klassar ordinært studiespesialisering. Sidan skulen berre har seks ordinære klassar på vg2 i inneverande skuleår, kan det reduserast ein klasse vg3 studiespesialisering frå skuleåret 2020/21.

Skuleåret 2019/20 har skulen fem ordinære vg1-klassar studiespesialisering. Skulen kan auke med ein klasse frå skuleåret 2020/21, slik at det vert seks parallellar på kvart årstrinn (i tillegg kjem IB-tilbodet og vg1-klassen for minoritetsspråklege). Dette er i samsvar med skulebruksplanen.

Sandsli vgs:

Skulen fekk i 2018 ein ekstra klasse vg1 studiespesialisering. Skuleåret 2020/21 skal desse opp i vg3. Talet på klassar i Vg3 ST må difor aukast frå fire til fem frå skuleåret 2020/21.

Årstad vgs:

Skulen har i år to klassar på vg1 ST, men berre ein vg2-klasse. Ut frå dette må talet på Vg2-klassar aukast frå ein til to frå skuleåret 2020/21. Det er mogeleg at det ved prognoseinntaket eller i inntaksperioden viser seg at det likevel berre vil vere behov for ein klasse, men det må eventuelt vurderast når den tida kjem.

Skulen har i år ein vg3 klasse ST, med programområdet språk, samfunnsfag og økonomi (SSØ). I vg2 har skulen begge dei to hovudprogramområda realfag (REA) og SSØ. For skuleåret 2020/21 må begge programområda vere søkbare på vigo.no, slik at det må opprettast ei gruppe vg3 realfag. Skulen får då 0,5 klasse REA og 0,5 klasse SSØ. Ingen endring i klassetal på dette nivået.

Nordahl Grieg vgs:

Skulen fekk i 2018 oppretta ein ekstra klasse vg1 ST. Frå skuleåret 2020/21 skal desse elevane opp i vg3. Talet på vg3-klassar ST må difor aukast frå seks til sju klassar, skuleåret 2020/21

For å få plass til den sjuande klassen på Vg3 ST må skulen redusere med ein klasse på ordinært vg3 påbygg. Søkjartalet til vg3 PB har gått ned, særleg i 2019, og talet på plassar ved dette tilbodet i Bergen sør bør framleis vere godt nok til å gi elevane med ungdomsrett tilbod om plass.

Olsvikåsen vgs:

Ved oppretting av ein klasse vg3 HO m/ST, som må opprettast for at Vg2 elevane skal få fullføre utdanninga si, har skulen ikkje romkapasitet til å kunne oppretthalde ordinært vg3 påbygg. Den eine klassen som skulen har ved dette tilbodet må difor leggjast ned. Skulen har sjølv informert om at denne endringa må gjerast.

Tertnes vgs:

Skulen har inneverande år fem klassar vg2 ST, men berre fire på vg3. For skuleåret 2020/21 må det derfor aukast ein klasse frå fire til fem klassar vg3 ST.

Laksevåg og Bergen maritime vgs:

Frå hausten 2020 er dei to skulane Laksevåg vgs og Bergen maritime vgs slått saman til ein skule – Laksevåg og Bergen maritime vgs. I denne saka vert alle tilbod ved dei to skulane lagt ned, og nye tilbod, i tråd med vedtak i skulebruksplanen mars 2017, vert oppretta.

Laksevåg vgs:

Ein klasse vg3 påbygg og tre klassar vg4 påbygg vert lagt ned.

Åsane vgs:

I høve til eksisterande tilbod på Åsane vgs, og vedteken ny dimensjonering, vert det redusert ein klasse vg3 påbygg ved skulen frå hausten 2020.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
276	-5	-150

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Kvam vgs	Vg3 ST	-1	-30
Bergen Katedralskole	Vg3 ST	-1	-30
Bergen Katedralskole	Vg1 ST	1	30
Os gymnas	Vg3 ST	-1	-30
Sandsli vgs	Vg3 ST	1	30

Årstad vgs	Vg2 ST	1	30
Nordahl Grieg vgs	Vg3 ST	1	30
Nordahl Grieg vgs	Vg3 PB	-1	-30
Olsvikåsen vgs	Vg3 PB	-1	-30
Laksevåg vgs	Vg3 PB	-1	-30
Laksevåg vgs	Vg4 PB	-3	-90
Åsane vgs	Vg3 PB	-1	-30
Tertnes vgs	Vg3 ST	1	30
Netto endring		-5	-150

10.1.4 Idrettsfag (ID)

ID vert i dag tilbudd ved Voss gymnas, Tertnes vgs, Stord vgs, Stend vgs, Sotra vgs og Odda vgs.

Tertnes vgs:

Vg1, vg2 og vg3 idrettsfag lagt ned.

Åsane vgs:

I tråd med vedteken skulebruksplan, vert tilbodet på idrettsfag flytta frå Tertnes vgs til Åsane vgs.

Tertnes vgs fekk i 2017 ein auke i klassetalet på vg1 idrettsfag frå ein til to klassar. Dette kullet går no i vg3, og er ferdig med utdanninga si våren 2020. Skulen har berre ein klasse på Vg1 og Vg2 idrettsfag. Klassetalet på vg3 frå skuleåret 2020/21 kan dermed reduserast frå to til ein.

Med bakgrunn i vedteken skulebruksplan og dimensjonering av Åsane vgs, vert det oppretta to klassar vg1 idrettsfag, ein klasse vg2 og ein klasse vg3 idrettsfag.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
28	0	0

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Tertnes vgs	Vg1 ID	-1	-30
Tertnes vgs	Vg2 ID	-1	-30
Tertnes vgs	Vg3 ID	-2	-60
Åsane vgs	Vg1 ID	2	60
Åsane vgs	Vg2 ID	1	30
Åsane vgs	Vg3 ID	1	30
Netto endring		0	0

10.1.5 Bygg- og anleggsteknikk (BA)

BA vert i dag tilbudd ved Åsane vgs, Voss vgs, Stord vgs, Sotra vgs, Slåtthaug vgs, Os vgs, Odda vgs, Laksevåg vgs, Kvinnherad vgs, Knarvik vgs, Austrheim vgs, Askøy vgs og Arna vgs.

Laksevåg og Bergen maritime vgs:

Frå hausten 2020 er dei to skulane Laksevåg vgs og Bergen maritime vgs slått saman til ein skule – Laksevåg og Bergen maritime vgs. I denne saka vert alle tilbod ved dei to skulane lagt ned, og nye tilbod, i tråd med vedtak i skulebruksplanen mars 2017, vert oppretta for den nye skulen.

Fire klassar vg1 BA og to klassar vg2 byggtknikk vert oppretta.

Laksevåg vgs:

Fire klassar vg1 BA og to klassar vg2 byggtknikk vert lagt ned.

Åsane vgs:

Hausten 2020 opnar nye Åsane vgs, jf. oppfølging av vedtak i skulebruksplanen. Skulen er dimensjonert med fire klassar vg1 BA, men tilbodet er planlagd fasa inn over tre skuleår. Det vert i

denne saka ikkje gjort endringar i høve til eksisterande tilbod på BA ved nye Åsane vgs. Skulen skal tilby to klassar vg1 BA, ein klasse vg2 byggteknikk og to klassar vg2 klima-, energi- og miljøteknikk i 2020/21.

Odda vgs:

Vg2 byggteknikk blei lagt ned ved Odda vgs våren 2019. Skulen har ein klasse vg1 BA, dvs. at det må opprettast ein klasse vg2 byggteknikk.

Ny struktur på vg2 BA frå 2021:

Frå hausten 2021 vil det vere endringar på vg2 BA, som følge av ny yrkesfagstruktur. To eksisterande programområde vert delt i fire, og det vil vere naudsynt å sjå på struktur på vg2 i lys av dette. Endringane er omtalte i saka, og lokalisering og dimensjonering av vg2-tilbod vil vere gjenstand for politisk handsaming våren 2020.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
55	1	15

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Laksevåg vgs	Vg1 BA	-4	-60
Laksevåg vgs	Vg2 byggteknikk	-2	-30
Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg1 BA	4	60
Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg2 byggteknikk	2	30
Odda vgs	Vg2 byggteknikk	1	15
Netto endring		1	15

10.1.6 Design og handverk (DH)

DH vert i dag tilbudd ved Årstad vgs, Voss gymnas, Knarvik vgs og Fitjar vgs.

Vg1 Design og handverk vert erstatta av vg1 Design og tradisjonshandverk, og vg1 Frisør-, blomster- og interiørdesign frå hausten 2020. Alle vg1-program leggst ned, og vert erstatta av nye utdanningsprogram.

Vg1 DH ved Fitjar vgs, Knarvik vgs, Voss gymnas og Årstad vgs vert lagt ned.

Voss gymnas:

Vg2 frisørfag vart lagt ned ved skulen våren 2019 grunna lågt søkartal. Det var også lågt søkjartal året før. Inntaksgrunnlaget til vg2 frisørfag er vg1 DH. Skulen har ein klasse på dette utdanningsprogrammet inneverande år. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet om frisør vert oppretta på nytt, også med bakgrunn i tilråding om oppretting av det nye utdanningsprogrammet vg1 Frisør-, blomster- og interiørdesign ved skulen.

Årstad vgs:

Årstad vgs får eit breitt tilbod innan det nye utdanningsprogrammet frisør-, blomster- og interiørdesign, og vidarefører kompetansen dei har innanfor dagens tilbod på DH. Som eit ledd i lokalisering av nye utdanningsprogram, tilrår fylkesdirektøren at vg2 blomsterdekoratør vert oppretta ved Årstad vgs. Dette tilbodet har vore lyst ut ved Voss gymnas tidlegare, men det har ikkje vore nok interesse til å sette i gang tilbodet.

Rekrutteringsgrunnlaget kan vere betre i Bergen, med tanke på elevgrunnlag, lokalisering av og tilkomst til skulen, og omfanget av verksemder som har behov for kompetanse. Tilbodet vert fylkesdekkande.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
17	-6	-90

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Årstad vgs	Vg1 DH	-5	-75
Voss gymnas	Vg1 DH	-1	-15
Knarvik vgs	Vg1 DH	-1	-15
Fitjar vgs	Vg1 DH	-1	-15
Voss gymnas	Vg2 frisør	1	15
Årstad vgs	Vg2 blomsterdekoratør	1	15
Netto endring		-6	-90

10.1.7 Elektrofag (EL)

EL vert i dag tilbudd ved Åsane vgs, Årstad vgs, Kvam vgs, Voss vgs, Stord vgs, Sotra vgs, Slåtthaug vgs, Rubbestadnes vgs, Os vgs, Osterøy vgs, Odda vgs, Laksevåg vgs, Kvinnherad vgs, Knarvik vgs, Bergen maritime vgs og Askøy vgs.

Laksevåg og Bergen maritime vgs:

Frå hausten 2020 er dei to skulane Laksevåg vgs og Bergen maritime vgs slått saman til ein skule – Laksevåg og Bergen maritime vgs. I denne saka vert alle tilbod ved dei to skulane lagt ned, og nye tilbod, i tråd med vedtak i skulebruksplanen mars 2017, vert oppretta for den nye skulen.

To klassar vg1 EL, ein klasse vg2 elenergi, ein klasse vg2 automatisering, ein klasse vg3 automatisering, ein klasse vg3 maritim elektrisk, ein klasse vg1 EL m/studiekompetanse, ein klasse vg2 EL m/studiekompetanse og ein klasse vg3 EL m/studiekompetanse vert oppretta.

Laksevåg vgs:

To klassar vg1 elektrofag, ein klasse vg2 elenergi, ein klasse vg1 elektrofag med studiekompetanse og ein klasse vg2 elektrofag med studiekompetanse* vert lagt ned.

* Våren 2019 blei vg3 elektrofag med studiekompetanse lagt ned ved Laksevåg vgs. Grunngevinga var at elevane vart overført til ordinær allmennfagleg påbygging. Tilbodet i seg sjølv gikk som ordinært, og det var ei teknisk grunngeving at tilbodet blei lagt ned. Med omsyn til statistikk og landsdekkjande kurskoder, må tilbodet opprettast igjen ved Laksevåg og Bergen maritime vgs, slik det har vore lyst ut tidlegare år.

Bergen maritime vgs:

To klassar vg1 Elektrofag, to klassar vg2 Elenergi, ein klasse vg2 Automatisering, to klassar vg3 Automatisering, ein klasse vg3 maritim elektriskfag vert lagt ned.

Slåtthaug vgs:

Vg2 automatisering vart lagt ned våren 2019 på grunn av lågt søkjartal. På bakgrunn av vedtak i fylkesutvalet i Hordaland, sak PS 111/2019, vert vg2 automatisering oppretta igjen for skuleåret 2020/21.

Skulen har inneverande år ein klasse Vg3 automatisering. Dette tilbodet må leggjast ned skuleåret 2020/21 sidan skulen ikkje har vg2 automatisering inneverande år.

Åsane vgs:

I høve til kva Åsane vgs tilbyr i dag, vert det ein auke på to klassar vg1 EL, to klassar vg2 elenergi, og ein klasse vg2 data og elektronikk.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
69	1	15

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Laksevåg vgs	Vg1 EL	-2	-30
Laksevåg vgs	Vg2 elenergi	-1	-15
Laksevåg vgs	Vg1 EL m/ST	-1	-15
Laksevåg vgs	Vg2 EL m/ST	-1	-15
Bergen maritime vgs	Vg1 EL	-2	-30
Bergen maritime vgs	Vg2 elenergi	-2	-30
Bergen maritime vgs	Vg2 automatisering	-1	-15
Bergen maritime vgs	Vg3 automatisering	-2	-30
Bergen maritime vgs	Vg3 maritim elektrisk	-1	-15
Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg1 EL	2	30
Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg2 elenergi	1	15
Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg2 automatisering	1	15
Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg3 automatisering	1	15
Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg3 maritim elektrisk	1	15
Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg1 EL m/ST	1	15
Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg2 EL m/ST	1	15
Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg3 EL m/ST	1	15
Slåtthaug vgs	Vg2 automatisering	1	15
Slåtthaug vgs	Vg3 automatisering	-1	-15
Åsane vgs	Vg1 EL	2	30
Åsane vgs	Vg2 elenergi	2	30
Åsane vgs	Vg2 data og elektronikk	1	15
Netto endring		1	15

10.1.8 Helse- og oppvekstfag (HO)

HO vert i dag tilbudd ved Åsane vgs, Årstad vgs, Kvam vgs, Voss gymnas, Sotra vgs, Slåtthaug vgs, Os vgs, Osterøy vgs, Olsvikåsen vgs, Odda vgs, Nordahl Grieg vgs, Kvinnherad vgs, Knarvik vgs, Fyllingsdalen vgs, Fusa vgs, Fitjar vgs, Bømlo vgs, Askøy vgs, Austrheim vgs, Austevoll vgs og Arna vgs.

Kvinnherad vgs:

Våren 2019 blei det lagt ned ein klasse vg1 HO, og skulen har difor berre ein vg1-klasse i 2019/20. I 2020 vil elevtalet frå ungdomsskulen om lag 30 høgare enn i 2019, som var eit av dei lågaste kommunen har hatt. Dei komande åra vil elevtalet frå ungdomsskulen ligge på om lag 2020-nivå. Sidan skulen berre har ein klasse vg1 HO i 2019/20 kan ein konsekvens vere at kan bli to halve klassar vg2 HO i 2020/21. Dette er ikkje ønskeleg over tid, men mogelegvis ei unntaksordning komande skuleår, sidan elevtalet tek seg opp igjen. Alternativt kan begge vg2-tilboda lysast ut, og la prognoseinntaket avgjere kva tilbod som vert sett i gang.

Fylkesdirektøren tilrår at både vg2 barne- og ungdomsarbeidar og vg2 helsearbeidarfag vert lyst ut, og at ein ventar på prognoseinntaket før avgjersle om kva som vert sett i gang hausten 2020. Det inneber ingen endringar i klassetal på HO ved skulen i denne saka.

Voss gymnas:

Skulen har inneverande år fire klassar vg1 og to klassar vg2 HO. Opphavelig dimensjonering gjennom skulebruksplanen tilseier 60 elevplassar, fire klassar. Skulen gir tilbakemelding om at totalt seks klassar, slik det er i år, ikkje er berekraftig over tid, særleg med tanke på kor mange praksisplassar i YFF skulen klarar å gjere avtale om.

Fylkesdirektøren tilrår at det vert redusert ein klasse vg1 HO ved Voss gymnas.

Olsvikåsen vgs:

Skulen fekk i 2018 oppretta helse og oppvekstfag m/studiekompetanse. Desse 30 elevane skal frå skuleåret 2020/21 begynne i vg3. Det må då opprettast ein klasse vg3 helsearbeidarfag (15 elevar) og ein klasse vg3 barne- og ungdomsarbeidar (15 elevar).

Åsane vgs:

I høve til kva Åsane vgs tilbyr i dag, vert det ein auke på ein klasse vg2 helseservicefag, jf. vedteken dimensjonering av skulen.

Austrheim vgs:

I dag har Austrheim vgs ein klasse vg1 HO og ein klasse vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag. Skulen har tradisjonelt tilbudd også vg2 helsefagarbeidar. UiB-rapporten «Kompetanse og utdanning i Nordhordland – struktur, samarbeid og erfaringer fra regionen» viser til eit auka kompetansebehov i sektoren i dei komande åra. Det er derfor grunn å vurdere ein auke i dimensjonering av HO-tilbodet i regionen. På den andre sida kan rekruttering vere ei utfordring, iallfall på kort sikt, for å ha nok elevar til å fylle klassene på vg2, ettersom skulen i dag har ein klasse på vg1 HO.

Gjennom samarbeidsprosjektet i Nordhordland, har skulen gode erfaringar med samarbeid med ulike verksemder om opplæringa på vg2 byggtknikk. Elevane brukar tida i YFF og programfaget produksjon til opplæring i bedrift. Dette samarbeidet ønskjer skulen å utvikle til også å gjelde HO. I dialog med skulen ligg det til grunn at dei vil ha eit samarbeid med Austrheim kommune om å legge deler av opplæringa til Norliheimen sjukeheim.

Ved utlysing av begge programområda på vg2, vil ein kunne få fleire erfaringar ved prognoseinntaket, både med tanke på korleis søkjarane fordeler seg mellom programområda, og om eit breiare tilbod på vg2 på kort sikt også kan auke søkjargrunnlaget til vg1.

Skulle søkinga til vg1 auke på bakgrunn av eit breiare vg2-tilbod ved skulen, kan det gi grunnlag for ein ekstra klasse vg1 i justeringssaka våren 2020. Ei mogeleg løysing kan då vere å opprette to halve klassar vg2 helsefagarbeidar og vg2 barne- og ungdomsarbeidar for skuleåret 2020/21, for så å ha fulle klassar året etter.

Fylkesdirektøren tilrår derfor i denne saka å opprette ein klasse vg2 helsefagarbeidar ved Austrheim vgs. Justeringssaka våren 2020 vil avgjere om tilbodet vert sett i gang.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
125	3	45

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Voss gymnas	Vg1 HO	-1	-15
Olsvikåsen vgs	Vg3 HO m/ST - barne- og ungdomsarbeidar	1	15
Olsvikåsen vgs	Vg3 HO m/ST - helsearbeidarfag	1	15
Åsane vgs	Vg2 helseservicefag	1	15
Austrheim vgs	Vg2 helsearbeidarfag	1	15
Netto endring		3	45

10.1.9 Restaurant- og matfag (RM)

RM vert i dag tilbudd ved Voss vgs, Sotra vgs, Sandsli vgs, Fusa vgs og Fitjar vgs.

Det er ikkje lagt opp til større endringar i tilbodsstruktur på RM. Frå hausten 2021 vil det vere endringar på vg2 RM, som følge av ny yrkesfagstruktur, noko fylkesdirektøren kjem tilbake til i eiga sak våren 2020.

Fusa vgs fekk oppretta vg1 RM TAF skuleåret 2019/20. Det må difor opprettast eit vg2-tilbod hausten 2020.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
16	1	5

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Fusa vgs	Vg2 RM TAF	1	5
Netto endring		1	5

10.1.10 Service og samferdsel (SS)

SS vert i dag tilbudd ved Voss gymnas, Tertnes vgs, Stend vgs, Sotra vgs, Amalie Skram vgs, Os vgs, Knarvik vgs, Bømlo vgs og Stord vgs.

Vg1 Service og samferdsel vert erstatta av vg1 Sal, service og reiseliv, og vg1 IKT og medieproduksjon frå hausten 2020. Alle Vg1-program leggst ned, og vert erstatta av nye utdanningsprogram. Lokalisering av nytt tilbod er omtala under «Sal, service og reiseliv».

Vg1 SS ved Voss gymnas, Tertnes vgs, Stend vgs, Sotra vgs, Amalie Skram vgs, Os vgs, Knarvik vgs og Bømlo vgs vert lagt ned.

Bømlo vgs:

Vg2 Sal service og tryggleik blei lagt ned ved Bømlo vgs skuleåret 2019/20. Skulen har ein klasse vg1 inneverande skuleår, og det må difor opprettast ein klasse vg2 i 2020/21.

Kvinnherad vgs:

Vg1 SS vart lagt ned våren 2019, men skulen har vg2 sal, service og tryggleik inneverande skuleår. Dette vg2-tilbodet må difor leggst ned til skuleåret 2020/21.

Os vgs:

Skulen har inneverande skuleår berre ein klasse på vg1 service og samferdsel, men to klassar på vg2 Sal, Service og Tryggleik. Dette fører til at ein må redusere klassetalet på vg2 frå to til ein klasse skuleåret 2020/21.

Knarvik vgs:

Hausten 2020 opnar nye Åsane vgs, jf. oppfølging av vedtak i skulebruksplanen. Det betyr at tilboda på SS frå Knarvik vgs og Tertnes vert flytta til Åsane vgs.

Ein klasse vg2 sal, service og tryggleik, og ein klasse vg2 transport logistikk vert lagt ned ved Knarvik vgs.

Tertnes vgs:

Ved Tertnes vgs vert to klassar vg2 sal, service og tryggleik lagt ned.

Åsane vgs:

Det vert oppretta tre klassar vg2 sal, service og tryggleik og ein klasse vg2 transport og logistikk ved Åsane vgs. Det gamle vg1-tilbodet på SS vert erstatta av det nye utdanningsprogrammet Sal, service og reiseliv.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
33	-14	-210

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Voss gymnas	Vg1 SS	-1	-15
Tertnes vgs	Vg1 SS	-2	-30
Stend vgs	Vg1 SS	-2	-30
Sotra vgs	Vg1 SS	-1	-15
Amalie Skram vgs	Vg1 SS	-4	-60
Bømlo vgs	Vg1 SS	-1	-15
Os vgs	Vg1 SS	-1	-15

Knarvik vgs	Vg1 SS	-1	-15
Knarvik vgs	Vg2 sal, service og tryggleik	-1	-15
Knarvik vgs	Vg2 transport og logistikk	-1	-15
Tertnes vgs	Vg2 sal, service og tryggleik	-2	-30
Bømlo vgs	Vg2 sal, service og tryggleik	1	15
Os vgs	Vg2 sal, service og tryggleik	-1	-15
Åsane vgs	Vg2 sal, service og tryggleik	3	45
Åsane vgs	Vg2 transport og logistikk	1	15
Kvinnherad vgs	Vg2 sal, service og tryggleik	-1	-15
Netto endring		-14	-210

10.1.11 Naturbruk (NA)

NA vert i dag tilbudd ved Voss vgs, Stend vgs, Fusa vgs og Austevoll vgs.

Stend vgs og Voss vgs:

Fylkesdirektøren har vore i tett dialog med Opplæringskontoret for anleggs- og bergfagene (OKAB) i forbindelse med tilbudet innanfor vg2 anleggsgartnar og idrettsanleggsgag. Dei uttrykker bekymring for rekruttering til faget.

I Hordaland vert vg2 anleggsgartnar gitt ved Voss vgs. Stend vgs har ikkje tilbudet på vg2, men har eit tett samarbeid med næringslivet, og gjennomfører ein 1+3-modell.

Det er eit ønske frå OKAB og bransjen at også vg2-tilbudet vert lokalisert til Stend vgs, noko bransjen også har jobba for over fleire år. Det er knytt sentrale argument til dette:

- Anleggsgartnar er eit urbant fag, og det er i og rundt byane oppgåvene her, særleg knytt til fortetting og byutvikling.
- Per 19.9.19 er det 37 løpande lærekontraktar i anleggsgartnarfaget i Bergen og omegn, der dei fleste er 3-/4-årslærlingar. Dekking av programfagstilbudet skjer på Stend vgs.
- Dei siste to åra er det rekruttert tre lærlingar frå Voss vgs.

Bransjen har eit tett samarbeid med Stend vgs, der bransjen har forplikta seg til å årleg ta inn ein klasse kvalifiserte lærlingar etter vg1. Aktørane er positiv til dette samarbeidet, men bransjen tilrår sterkt at det opprettast eit vg2-tilbud ved Stend vgs. Skulen har føremøn gjennom at den ligg tett på bransjen og har eit monaleg større elevgrunnlag.

Voss vgs har eit monaleg lågare elevgrunnlag enn Stend vgs, og har lege mellom 9 og 11 elevar dei siste tre skuleåra.

Leiinga og tillitsvalde ved Voss vgs har diskutert fylkesdirektøren sitt forslag om å flytte tilbudet. Dei meiner dei har fått kort tid til å vise at dei kan bygge opp ei framtidsretta opplæring, og at bransjen har vore noko utolmodig. Dei erkjenner samtidig at tilbudet truleg berre er berekraftig ein plass i Hordaland, at anleggsgartnar er eit urbant fag, og at Stend vgs har høgare rekruttering. Dei meiner likevel at det i distriktet vert fleire anleggsbedrifter som har behov for denne type kompetanse. Skulen vil sitje igjen med velegne lokale for andre formar for opplæringstilbod. Det vil vere behov for å sjå kva mogelegheiter som ligg i dette, og kva tilbod skulen i framtida kan knyte til desse lokala.

Fylkesdirektøren tilrår at tilbudet vg2 anleggsgartnar og idrettsanleggsgag vert lagt ned på Voss vgs, og oppretta på Stend vgs.

Det vil vere noko investeringsbehov som følge av flytting av tilbudet.

Større utstyr vert flytta frå Voss vgs til Stend vgs. Personleg utstyr elevane brukar i undervisninga står skulen for. Skulen vil ha behov for å sette opp fasilitetar for å gjennomføre opplæringa.

Ved oppretting av tilbudet på Stend vgs, vert det sett opp ein isolert rubbhall og ein uisolert rubbhall, totalt 400 m². Totale investeringskostnadar vil vere 4,7 mill. kr. inkl. mva, og inkluderer grunnarbeid. Dette er planlagt finansiert gjennom ombyggingsmidlane i Vestland fylkeskommune.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
33	0	0

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Voss vgs	Vg2 anleggsgartnar og idrettsanleggsgag	-1	-15
Stend vgs	Vg2 anleggsgartnar og idrettsanleggsgag	1	15
Netto endring		0	0

10.1.11 Teknikk og industriell produksjon (TIP)

TIP vert i dag tilbudd ved Åsane vgs, Årstad vgs, Kvam vgs, Voss vgs, Stord vgs, Sotra vgs, Slåtthaug vgs, Rubbestadnes vgs, Os vgs, Osterøy vgs, Odda vgs, Laksevåg vgs, Kvinnherad vgs, Knarvik vgs, Fusa vgs, Bergen maritime vgs, Askøy vgs, Austevoll vgs og Austrheim vgs.

Laksevåg og Bergen maritime vgs:

Frå hausten 2020 er dei to skulane Laksevåg vgs og Bergen maritime vgs slått saman til ein skule – Laksevåg og Bergen maritime vgs. I denne saka vert alle tilbod ved dei to skulane lagt ned, og nye tilbod, i tråd med vedtak i skulebruksplanen mars 2017, vert oppretta for den nye skulen.

Fire klassar vg1 TIP, to klassar vg2 kjemiprosess, tre klassar brønnteknikk og tre klassar maritime fag vert oppretta.

Laksevåg vgs:

Fire klassar vg1 TIP og to klassar vg2 kjemiprosess vert lagt ned.

Bergen maritime vgs:

Tre klassar vg1 TIP, ein klasse vg2 industriteknologi, tre klassar brønnteknikk, fire klassar vg2 maritime fag vert lagt ned.

Kvinnherad vgs:

Våren 2019 vart vg2 industriteknologi lagt ned på grunn av lågt søkjartal.

På den andre sida var det så stor søknad til vg1 TIP at det vart oppretta ein ekstra klasse. Skulen har i inneverande skuleår tre klassar på vg1 TIP.

Etter nedlegginga av vg2 Industriteknologi har skulen i år berre eitt tilbod på vg2 – kjemiprosess. Dette var nyoppretta skuleåret 2019/20. Med tre vg1-klassar er det rimeleg klart at skulen treng fleire elevplassar ved vg2 frå hausten 2020. Det er difor naturleg å opprette vg2 industriteknologi på nytt. Næringslivet i Kvinnherad, særleg Sør-Al på Husnes treng arbeidskraft både frå Vg2 Kjemiprosess og Vg2 Industriteknologi.

Odda vgs:

Våren 2019 vart vg2 kjøretøy lagt ned på grunn av lågt søkjartal. På den andre sida vart det oppretta ein ekstra klasse vg1 TIP, slik at skulen i år har tre klassar, 45 elevar, på vg1.

Det har i mange år vore praksis at skulen har hatt to halve klassar på vg2 industriteknologi og vg2 kjøretøy. Generelt er ikkje dette ønskeleg, særleg pga. kostnadane ved halve klassar. Desse klassane er inneverande skuleår fulle.

Skulen ønskjer at vg2 kjøretøy vert oppretta igjen frå neste skuleår, og at søkjartalet ved prognoseinntaket våren 2020 avgjer om ein må legge ned eitt av tilboda på vg2. Fylkesdirektøren er einig i dette, og tilrår at det vert lyst ut tilbod på vg2 kjemiprosess, vg2 industriteknologi og vg2 kjøretøy, og at prognoseinntaket avgjer kva tilbod som vert sett i gang. Endringa i denne saka er oppretting av vg2 kjøretøy ved Odda vgs.

Åsane vgs:

I høve til kva Åsane vgs tilbyr i dag, vert det ein auke på ein klasse vg1 TIP og to klassar vg2 industriteknologi, jf. vedtak i skulebruksplan og dimensjonering av den nye skulen.

Os vgs:

Vg2 transport og logistikk vert flytta frå Service og samferdsel til TIP hausten 2021. For å sikre at skulen har riktig rekrutteringsgrunnlag til dette programområdet, tilrår fylkesdirektøren å auke ein klasse vg1 TIP.

Voss vgs:

Skulen tilbyr i dag vg1 TIP, vg2 kjøretøy, vg2 arbeidsmaskiner og vg3 landbruksmekanikar. Elevane her får fagbrev etter tredje året, og nær sagt alle får seg arbeid i nærområdet. Skulen viser til lokalt behov for kompetanse innan industriteknologi, og konkret interesse hos lokalt arbeidsliv om samarbeid om opplæringa i form av utplassering i YFF, og samarbeid om opplæring i programfag. Deler av opplæringa kan skje ute i verksemdene, med oppfølging av lærar. Det vil gi tilgang på utstyr som skulen ikkje har, og opplæringa vil vere relevant for den kvardagen elevane vil møte som fagarbeidarar.

Fylkesdirektøren tilrår at det lysast ut ein klasse vg2 industriteknologi. Prognoseinntaket våren 2020 vil avgjere kva og kor mange klassar som vert sett i gang på vg2, avhengig av søking og oppfylling av klassar.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
106	2	30

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Laksevåg vgs	Vg1 TIP	-4	-60
Laksevåg vgs	Vg2 kjemiprosess	-2	-30
Bergen maritime vgs	Vg1 TIP	-3	-45
Bergen maritime vgs	Vg2 industriteknologi	-1	-15
Bergen maritime vgs	Vg2 brønnteknikk	-3	-45
Bergen maritime vgs	Vg2 maritime fag	-4	-60
Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg1 TIP	4	60
Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg2 kjemiprosess	2	30
Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg2 brønnteknikk	3	45
Laksevåg og Bergen maritime vgs	Vg2 maritime fag	3	45
Kvinnherad vgs	Vg2 industriteknologi	1	15
Odda vgs	Vg2 kjøretøy	1	15
Åsane vgs	Vg1 TIP	1	15
Åsane vgs	Vg1 industriteknologi	2	30
Os vgs	Vg1 TIP	1	15
Voss vgs	Vg2 industriteknologi	1	15
Netto endring		2	30

10.1.12 Innføringstilbod for minoritetsspråklege elevar

Tilbodet vert i dag gitt ved Bergen Katedralskole og Årstad vgs.

Tilbodet til elevar i innføringsklassar ved Knarvik vgs, Kvam vgs, Sotra vgs, Voss gymnas, Åsane vgs og Stord vgs blei lagt ned våren 2019 på grunn av låg søking. Totalt utgjorde dette sju klassar. Tilboda på Bergen Katedralskole og Årstad vgs blei vidareført.

Voss gymnas melder om at det er fleire aktuelle minoritetsspråklege søkjarar i regionen, men at dei ikkje ønskjer å gå innføringstilbod. Dei satsar heller på å gå i ordinære tilbod, noko som kan vere krevjande, då mange ikkje har språklege ferdigheiter til å kunne fullføre og bestå. Ved dei andre skulane er det ikkje meldt inn behov for å opprette innføringstilbod for elevgruppa.

Stord vgs har i haust gjennomført språkleg kartlegging av minoritetsspråklege elevar ved skulen. 31 elevar er kvalifisert til særskilt språkopplæring. Samtidig er det fleire elevar som ikkje møtte til kartlegginga, så omfanget er truleg større.

Manglande språkferdigheiter fører til ein krevjande undervisnings- og læringssituasjon, både for lærarar og elevar. På yrkesfag kan manglande språkforståing føre til farlege situasjonar under opplæringa.

Fylkesdirektøren tilrår at det vert lyst ut ein innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar. Klassen vil rekruttere frå heile Sunnhordland.

Bergen Katedralskole:

Skuleåret 2019/20 er det siste året der skulen har ein eigen vg3-klasse for minoritetsspråklege elevar. Denne klassen skal såleis leggast ned frå og med skuleåret 2020/21.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
6	0	0

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Bergen Katedralskole	Vg3 ST minoritetsspråklege elevar	-1	-15
Stord vgs	Innføringstilbod for min.spr. elevar	1	15
Netto endring		0	0

10.2 Sogn og Fjordane

Framlegget til endringar i opplæringstilbodet er presentert per utdanningsprogram, og endringane er vist ut frå tilbod som er sett i gang skuleåret 2019/20.

10.2.1 Medium og kommunikasjon og kunst, design og arkitektur (ME og KDA)

Skuleåret 2019/20 vert det gitt tilbod om medium og kommunikasjon ved Hafstad og Sogndal vidaregåande skular. Kunst, design og arkitektur er eit fylkesdekkande tilbod ved Hafstad vidaregåande skule.

Skuleåret 2019/20 vart utdanningsprogramma medium og kommunikasjon, og kunst, design og arkitektur redusert frå ein heil til ein halv klasse i kvart utdanningsprogram frå skuleåret 2019/20. Med denne justeringa vart kapasiteten tilpassa søkinga til utdanningsprogramma i regionen. Vg2 i begge utdanningsprogramma ved **Hafstad vgs** er justert ned til ein halv klasse, tilpassa endringa på vg1 for inneverande år.

Søkinga til medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skular har ikkje samsvar med ein klassestorleik på 30 etter at utdanningsprogrammet vart studieførebuande frå hausten 2016.

Etter at inntaksperioden var over 1. september, var det 14 elevar på vg1, 12 på vg2 og 12 på vg3. Samla kapasitet på berre 15 plassar i Sogn og Fjordane er truleg for lite, og fylkesdirektøren vil gjere ei ny vurdering av utdanningsprogrammet når inntaksområda i Vestland fylkeskommune er vedteke.

Klassar og framlegg til endringar:

Medium og kommunikasjon

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
6	-0,5	-15

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Hafstad vgs	Vg2 ME	-0,5	-15
Netto endring		-0,5	-15

Kunst, design og arkitektur

Klassar og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
2,5	-0,5	-15

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Hafstad vgs	Vg2 KDA	-0,5	-15
Netto endring		-0,5	-15

10.2.2 Studiespesialisering (ST)

Skuleåret 2019/20 vert det gitt tilbod om studiespesialisering ved desse vidaregåande skulane: Dale, Eid, Firda, Flora, Hafstad, Høyanger, Måløy, Sogndal, Stryn, Årdal. Hafstad vidaregåande skule ligg i Førde og Firda vgs ligg på Sandane. Inneverande skuleår er det sett i gang 18 klasser på vg1 studiespesialisering.

Vg3 studiespesialisering ved Eid vgs må aukast med ein klasse som tilpassing til vg2 inneverande år. Det er den einaste endringa fylkesdirektøren ser det er behov for som gjeld utdanningsprogrammet studiespesialisering.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har ikkje eige IB-tilbod (International Baccalaureate). I fleire år har Sogn og Fjordane fylkeskommune kjøpt to plassar på vg2 og to plassar på vg3 ved United World Collage (UWC) i Fjaler kommune. Ved overgang til Vestland fylkeskommune vil det bli tilgang for alle søkarar i Vestland fylkeskommune til IB-tilbodet ved Bergen Katedralskole. Frå og med skuleåret 2020/21 vert det difor ikkje kjøpt plassar til vg2 IB-tilbod ved UWC Fjaler. Elevar som inneverande år går i vg2 kan fullføre opplæringa på vg3 ved UWC Fjaler.

Klassar og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
53	1	30

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Eid vgs	Vg3 ST	1	30
Netto endring		1	30

10.2.3 Idrettsfag (ID)

Skuleåret 2019/20 vert det gitt tilbod om idrettsfag ved dei vidaregåande skulane Sogndal, Flora og Firda. Inneverande år er det tre klasser vg3 idrettsfag ved Firda vgs, men med to klasser på vg2 er kapasiteten på vg3 redusert med ein klasse.

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
9	-1	-30

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Firda vgs	Vg3 ID	-1	-30
Netto endring		-1	-30

10.2.4 Bygg- og anleggsteknikk (BA)

Skuleåret 2019/20 vert det gitt tilbod om utdanningsprogrammet bygg- og anleggsteknikk ved desse vidaregåande skulane: Flora, Mo og Øyrane (skulen ligg i Førde), Måløy, Sogndal og Stryn. Det er i alt 13,5 klassar med til saman 150 plassar

I vg1 bygg- og anleggsteknikk utgjer utvidinga av plasstala i klassane om lag 20 nye plassar i eksisterande klasser. Det betyr at det behov for ein færre klasse, samtidig som ein har nokre fleire plassar enn i fjor i dei andre klassane. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet vert lyst ut med ein færre klasse ved Sogndal vgs. FON argumenterer for ein ekstra klasse, då næringa treng fleire fagarbeidarar. Slik auke har fylkesdirektøren ikkje funne rom for, og viser til at plasstalsauken gir seks nye plassar. Som tidlegare vil justeringa av opplæringstilbodet i april vise det reelle behovet.

I vg2 byggtsteknikk er plasstalet samla i Sogn og Fjordane auka med 10 plassar som konsekvens av plasstalsauken.

Ved Stryn vgs vart vg1 bygg- og anleggsteknikk auka med 0,5 klasse inneverande år. Ut frå den samla auken i tal plassar i fylket, tilrår ikkje fylkesdirektøren ein auke i klassetalet ved Stryn vgs no.

Klassar og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
25,5	-1	-12

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Sogndal vgs	Vg1 BA	-1	-12
Netto endring		-1	-12

10.2.5 Design og handverk (DH)

Vg1 design og tradisjonshandverk går ut av tilbodsstrukturen.

Elevtalet ved vg2 frisør har vore svært lågt over mange år. Skulen har peika på at det er svært krevjande å rekruttere til eit programområde på vg2 utan vg1-tilbod ved same skulen. Det er fylkesdirektøren samd i, men søkinga til utdanningsprogrammet gir ikkje grunnlag for etablering av vg1 ved fleire skular.

Fylkesdirektøren meiner at dersom vi skal teste ut om tilbodet kan få større søking, er alternativet å flytte tilbodet frå Høyanger vgs til Eid vgs, der vg1-tilbodet ligg. Alternativet er å ikkje ha eit tilbod i Sogn og Fjordane. Flytting skal ikkje medføre bygningsmessige tilpassingar før ein veit over tid at det er grunnlag for eit tilbod. Det føreset at skulen finn eigna leigde lokale og nyttar utstyr som i dag finst på Høyanger vidaregåande skule.

Klassar og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
3	-1,5	-23

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Eid vgs	Vg1 DH	-2	-30

Eid vgs	Vg2 frisør	1	15
Høyanger vgs	Vg2 frisør	-0,5	-8
Netto endring		-1,5	-23

10.2.6 Elektrofag (EL)

Skuleåret 2019/20 vert det gitt tilbod om utdanningsprogrammet elektrofag ved desse vidaregåande skulane: Eid, Flora, Høyanger, Mo og Øyrane, Sogndal og Årdal.

Inneverande år er det sett i gang 10 klassar på vg1-nivå, med i alt 130 plassar. Arbeidet med å auke plasstalet i klassane har gitt 6 fleire plassar i eksisterande klassar. 1. september stod det att mange som ikkje hadde fått læreplass i elektrikarfaget, og alternativ vg3 i skule vart oppretta.

I staden for å auke kapasiteten på vg1 med 6 plassar, tilrår fylkesdirektøren difor at tilbodet vert redusert med ein klasse, slik at vi får ein nedgang i plasstalet, som forhåpentleg er betre tilpassa læreplasskapasiteten totalt i utdanningsprogrammet. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet ved Mo og Øyrane vgs vert redusert med ein klasse.

I framlegget er det 10 klassar på vg2-nivå kommande skuleår, seks klassar vg2 elenergi, og to klassar kvar av vg2 data og elektronikk og automasjon.

I vg2 elenergi utgjer utviding av plasstala i klassane 11 nye plassar i eksisterande klassar, og fylkesdirektøren tilrår at tilbodet vert redusert med ein klasse. Inneverande år er det berre Flora vgs som har to klassar vg2 elenergi. For å unngå endringar av tilbodsstrukturen tilrår fylkesdirektøren at tilbodet vert redusert med ein klasse her.

Frå vg1 elektrofag er det kryssløp til fleire programområde i teknikk og industriell produksjon. Av programområda lokalisert i Sogn og Fjordane, er det kryssløp til industriteknologi, køyretøy og maritime fag. I alle desse faga er det signalisert behov for fleire lærlingar. I arbeidet med å gi tilbod til alle søkerane, har fylkesdirektøren ikkje gitt tilbod om kryssløp dei ikkje har søkt. Det er difor viktig at skulane og næringslivet informerer om alternative mogelege utdanningsløp, både for å sikre at alle får tilbod og for best mogeleg tilpassing til behovet for lærlingar.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
23	-2	-26

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Mo og Øyrane vgs	Vg1 EL	-1	-12
Flora vgs	Vg2 elenergi	-1	-14
Netto endring		-2	-26

10.2.7 Helse- og oppvekstfag (HO)

Skuleåret 2019/20 vert det gitt tilbod om helse- og oppvekstfag ved desse vidaregåande skulane: Dale, Flora, Hafstad, Høyanger, Mo og Øyrane, Måløy, Sogndal og Stryn. Inneverande år er det 13,5 klassar vg1 helse og oppvekst og 0,5 klasse YSK helse og oppvekst.

På vg1 er plasstalet 200 i ordinær helse- og oppvekstfag. Som omtalt under inntaksgrunnlaget til vg1, er det stor nedgang avgangselevar i Stryn kommune, ein nedgang på 31 elevar frå inneverande år. Fylkesdirektøren si vurdering er at det ikkje vil vere søkargrunnlag til to klassar vg1 helse- og oppvekstfag ved Stryn vgs, og tilrår at tilbodet vert redusert med ein klasse.

I vedtaket om opplæringstilbudet for skuleåret 2019/20 vart det nyoppretta 0,5 klasse helse- og oppvekstfag (8 plassar) ved Høyanger vgs, i kombinasjon med 0,5 klasse for vaksne. Ordninga er velfungerande. Fylkesdirektøren tilrår at tilbudet vert vidareført, og at det vert oppretta 0,5 klasse vg2 helsearbeidarfag ved skulen.

Årdal vgs har spelt inn ønske om å kunne tilby helse- og oppvekstfag som erstatning for service og samferdsel, for å kunne tilby eit fag som rekrutterer begge kjønn, i tillegg til studiespesialisering. Fylkesdirektøren si vurdering er at det ikkje er tilstrekkeleg tal tilgjengeleg lokale læreplassar til eit eige tilbod, sjølv ein halv klasse. Fylkesdirektøren ber Årdal og Sogndal vidaregåande skular om å samarbeide om eit desentralt tilbod, der elevane kan få opplæring i fellesfaga ved Årdal vgs og YFF i bedrift i Årdals-regionen. I programfaga må elevane kunne gå i lag med elevane ved Sogndal vgs.

Det er teke inn 190 elevar med ungdomsrett på vg1, og i framlegget er det 190 plassar på vg2. Vg2 bør då vere tilstrekkeleg dimensjonert. Utan auke i tilgjengelege læreplassar er det ikkje tilrådeleg å auke kapasiteten. I mange år har læreplassane i barne- og ungdomsarbeidarfaget sett grense for kapasiteten i skule. Heller ikkje i helsearbeidarfaget er det no rom for særleg auke, sjølv med fråtrekk for elevar som planlegg eit løp mot påbygging til generell studiekompetanse.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
21	-0,5	-7

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Stryn vgs	Vg1 HO	-1	-15
Høyanger vgs	Vg2 helsearbeidarfag	0,5	8
Netto endring		-0,5	-7

10.2.8 Restaurant- og matfag (RM)

Skuleåret 2019/20 vert det gitt tilbod om restaurant- og matfag ved Sogndal, Måløy og Mo og Øyrane vidaregåande skular.

Inneverande skuleår er det ein klasse vg1 ved Måløy og to klassar ved Mo og Øyrane vidaregåande skular. Ved Sogndal vgs vart tilbudet sett i gang, men med svært få primærsekarar.

Ved Mo og Øyrane vgs vart tilbudet auka med ein klasse i justerings-saka i mars pga. stor søking og at mange primærsekarar var utan tilbod. På vg2 er det inneverande år ein klasse på Mo og Øyrane vgs og Måløy vgs.

Det er 15 avgangselevar fleire frå grunnskulane i nye Sunnfjord kommune enn i inneverande år. Presset på skulane i Førde er stort, og fylkesdirektøren si vurdering er at ein for skuleåret 2020/21 difor bør lyse ut to klassar vg1 restaurant- og matfag. Bransjen har jobba hardt over lang tid for å auke rekrutteringa.

Után vg1 ved Sogndal vgs er det ikkje er grunnlag for vg2 skuleåret 2020/21. Skulen har ikkje vg2 kokk og servitør inneverande år. **Mo og Øyrane vgs** har inneverande skuleår to klassar vg1 RM. Det vil då vere behov for to klassar vg2 skuleåret 2020/21. Fylkesdirektøren tilrår å auke vg2 kokk og servitør med ein klasse.

Søkartala til utdanningsprogrammet restaurant- og matfag ved Sogndal vgs har vore dårlege over lang tid, på tross av nye lokale, godt informasjons- og rekrutteringsarbeid mot grunnskulane og med tilgjengelege læreplassar. Sett frå næringa sin ståstad bør det vere behov for tilbudet også i Sogn, noko også fagopplæringsnemnda peikar på. Fylkesdirektøren tilrår at det ikkje vert gjort endringar, og vil då lyse ut restaurant- og matfag. Sidan tilbudet vart sett i gang inneverande skuleår er det ikkje med i endringsoversikta.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
6	1	12

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Mo og Øyrane vgs	Vg2 kokk og servitør	1	12
Netto endring		1	12

10.2.9 Service og samferdsel (SS)

Skuleåret 2019/20 vert det gitt tilbod om service og samferdsel ved skulane Flora, Mo og Øyrane, Sogndal, Stryn og Årdal. Ved Mo og Øyrane vgs gir tilbodet yrkes- og studiekompetanse (YSK) over fire år.

Til vg2 transport og logistikk er det kryssløp frå utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon i eksisterande struktur. Statistikken viser at 2/3 av søkarane til programområdet har komme via dette kryssløpet over lang tid. Det er 45 plassar i vg2 transport og logistikk, der tre skular har ein klasse kvar.

Vg2 transport og logistikk er frå skuleåret 2021/22 lagt til utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon, utan kryssløp frå andre utdanningsprogram. Det vil bety auka søking til vg1 teknikk og industriell produksjon og redusert søking til vg1 sal, service og reiseliv.

Ved **Årdal vgs** er det i år 0,5 klasse vg1 SS. Det vart lyst ut som kombinasjonstilbod med vaksne, men tilbodet for vaksne kom ikkje i gang. Fylkesdirektøren tilrår at vert sett i gang vg2 sal, service og sikkerheit for dei elevane som no går vg1. Skulen melder at det ikkje vil vere grunnlag for å sette i gang vg1 i skuleåret 2020/21.

Vg1 service og samferdsel går ut av strukturen og vert difor ikkje lyst ut ved skulane: Sogndal, Flora, Mo og Øyrane og Stryn.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
7,5	-4	-60

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Sogndal vgs	vg1 SS	-1	-15
Flora vgs	vg1 SS	-1	-15
Mo og Øyrane vgs	vg1 SS - YSK	-1	-15
Stryn vgs	vg1 SS	-1	-15
Årdal vgs	vg1 sal, service og reiseliv	-0,5	-8
Årdal vgs	vg2 sal, service og sikkerheit	0,5	8
Netto endring		-4	-60

Naturbruk (NA)

Skuleåret 2019/20 vert det gitt tilbod om naturbruk ved Måløy og Mo og Øyrane vidaregåande skular.

Det har vore positiv utvikling i søkinga til vg1 naturbruk ved begge skulane, med auke til to klassar vg1 ved Mo og Øyrane vgs og 1,5 ved Måløy vgs til skuleåret 2018/19. Til inneverande skuleår vart vg2 tilbodet ved Mo og Øyrane vgs auka gjennom to klassar vg2 landbruk og gartnar.

Ved Måløy vgs vart behovet for tilpassing til auka elevtal på vg2 ikkje oppdaga, verken av fylkesdirektøren eller skulen, gjennom dei årlege prosessane. Tilbodet var lyst ut med 6 plassar i kvart av programområda vg2 fiske og fangst og vg2 akvakultur, medan det reelle behovet var 9 plassar i kvart av programområda. Elevane frå vg1 hadde rett på plass på vg2 i år, og kapasiteten er no auka i vg2 akvakultur og vg2 fiske og fangst.

Måløy vgs har per no ikkje areal til å auke plasstalet i klassane til 15 i naturbruk. Alternativet er ein klasse vg1 med 12 elevar eller to klasser med totalt 24 elevar. På vg2 er alternativet ein halv klasse i kvart av programområda fiske og fangst, og akvakultur, eller ein klasse i kvart programområde.

Sjømatnæringane har jobba aktivt over fleire år for å rekruttere søkarar og auke tal læreplassar. Då vg1-tilbodet i første omgang vart auka til ein og ein halv klasse, var det for å tilpasse til behovet i næringane. Ein ytterlegare auke vil vere i tråd med verdiskapingsplanen om å auke rekrutteringa til sjømatnæringane.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasztal
11	1,5	18

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasztal
Måløy vgs	Vg1 NA	0,5	6
Måløy vgs	Vg2 fiske og fangst	0,5	6
Måløy vgs	Vg2 akvakultur	0,5	6
Netto endring		1,5	18

10.2.10 Teknikk og industriell produksjon (TIP)

Skuleåret 2019/20 vert det gitt tilbod om teknikk og industriell produksjon ved skulane Dale, Eid, Flora, Høyanger, Mo og Øyrane, Måløy, Sogndal, Stryn og Årdal. Det er i alt 17 klassar ordinær vg1 og 0,5 klasse YSK. Totalt er det 210 plassar på vg1, og i tillegg YSK-tilbodet som har fire plassar.

På vg1 teknikk og industriell produksjon fører auka plasstal i klassane til at ein opprettheld same kapasiteten med ein klasse mindre. Fylkesdirektøren tilrår at reduksjonen vert gjennomført ved ein av skulane som har tre klassar, og tilrår at vg1 teknikk og industriell produksjon vert redusert med ein klasse ved **Eid vgs**.

Som tidlegare vurderer fylkesdirektøren om tilbod som ikkje kom i gang inneverande skuleårskal lysast ut på nytt. I år gjeld det vg2 bilskade, lakk og karosseri. I tillegg har Sogn og Fjordane lyst ut vg2 plast- og kompositt to år. Tilbodet har vore forsøk ved Kongsberg vgs. Forsøksperioden er no ute og programområdet er ikkje vidareført i den nye strukturen.

I sak om justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2019/20 (HO-sak 7/19) meinte fylkesdirektøren at føresetnaden for å sette i gang vg2 bilskade, lakk og karosseri ikkje var oppfylt. Grunngivinga var at elevane hadde fått ein større del av opplæringa i skulen enn det som var intensjonane i fylkestinget sitt vedtak i skulebruksplanen: «fylkesrådmannen i lag med næringslivet/bransjen skulle finne løysingar for den praktiske delen av opplæringa».

Fylkesdirektøren har ikkje fått innspel frå næringslivet/bransjen som tyder på at situasjonen har endra seg, og tilrår difor at tilbodet ikkje vert lyst ut.

Det var ingen primær søkerar til vg2 plast og kompositt. Fylkesdirektøren tilrår at ein ikkje søker om godkjenning av Utdanningsdirektoratet for nytt forsøk. Behovet for denne kompetansen må ivaretakast på anna vis.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
30,5	-1	-15

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Eid vgs	Vg1 TIP	-1	-15
Netto endring		-1	-15

10.2.11 Musikk, dans og drama (MDD)

Firda vgs er einaste skule med tilbod i musikk, dans og drama. På vg2 og vg3 er det tilbod i alle tre programområda, musikk, dans og drama. Det er 24 plassar i musikk og 12 i kvar av dans og drama.

Fylkesdirektøren har ikkje framlegg til endringar.

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
9	0	0

10.2.12 Vg3 påbygging til generell studiekompetanse og vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse

Det er fire klassar vg3 påbygging til generell studiekompetanse i Sogn og Fjordane, med om lag 120 plassar. Dale, Hafstad, Flora og Eid vidaregåande skular har ein klasse kvar. I tillegg er det tilbod om vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse ved Årdal vidaregåande skule. Her har søkerar med bestått yrkeskompetanse rett på tilbod, og eventuelle ledige plassar vert gitt til søkerar til vg3 påbygging til generell studiekompetanse. I år er det 16 elevar i vg4 og 13 elevar i vg3 ved skulen.

For å gjere tilbodet om vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse meir tilgjengeleg i fylket vart fem av plassane i dei ordinære vg3 klassane sett av til vg4-søkarar. Søkarar til desse fem plassane konkurrerte seg i mellom på grunnlag av karakterane frå vg2.

I tillegg får elevar frå vg3 landbruk ta ut retten til vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse, i vg3 naturbruk- studieførebuande. Mange av desse ønsker å få mest mogeleg biologi/naturfag inn i kompetansen sin.

Alle søkerane fekk informasjon om at det var ved Årdal vgs dei hadde rett til inntak, dersom dei ikkje ville konkurrere/ikkje fekk plass ved dei andre skulane.

Det er litt varierende kor mange av plassane som er nytta til vg4-søkarane, men det er til saman i dei fire klassane 16 elevar som siktar mot generell studiekompetanse etter fullført fagkompetanse.

Til skuleåret 2013/14 la fylkesdirektøren fram for hovudutval for opplæring statistikk som viste gjennomføringa i vg3 påbygging til generell studiekompetanse. For elevar med inntakspoeng under 33 poeng var det 26 % og 42 % som hadde bestått skuleåra før 2013/14. For å i større grad sikre at elevar som startar på påbygging fullfører og består, vart kapasiteten redusert i åra etter dette. Å ta ned kapasiteten i vg3 påbygging til generell studiekompetanse har, saman med innføringa av rett til påbygging til yrkeskompetanse etter fullført fagkompetanse, gitt betre gjennomføringstal. Skuleåra

2011/12 og 2012/3 låg den samla gjennomføringa på rundt 70%, dei to siste skuleåra er gjennomføringsprosenten høvesvis 82% og 75%.

Fylkesdirektøren har ingen framlegg til endringar i vg3/vg4 påbygging til generell studiekompetanse.

Oppsummering – konsekvensar av endringar i Sogn og Fjordane

Samla er netto «effektivitetsgevinst» i Sogn og Fjordane mindre enn fire klassar. For det første vert det oppretta to nye utdanningsprogram som må inn i tilbodsstrukturen i tillegg til eksisterande tilbod. Design og tradisjonshandverk og frisør-, blomster- og interiørdesign erstattar design og handverk og informasjonsteknologi og medieproduksjon og sal, service og reiseliv erstattar service og samferdsel.

For skuleåret 2019/20 vart det gjort ein feil då vg2- tilbodet i naturbruk, vg2 fiske og fangst og vg2 akvakultur ikkje vart auka opp for å gi plass til elevane frå vg1. Denne auken er lagt inn no.

Mo og Øyrane vgs har ein klasseressurs som skal dekke YSK SS, vg3 og vg4 samt vg3 naturbruk-studieførebuande. For neste skuleår vert det samla elevtalet i den gruppa 33 elevar, desse har svært ulike grunnlag. For å kunne dele elevane i grupper, ber skulen om ekstra delingstimar til undervisning i teorifaga for gruppa vg3 naturbruk studieførebuande og vg3 YSK Sal, service og sikkerheit.

Fylkesdirektøren tilrår at dette vert dekkja innanfor ramma. Behovet for ekstra midlar vert redusert etter kvart som YSK-tilbodet vert fasa ut.

Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbod som vert lyst ut ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane er på 221,5 klassar. I justeringssaka til våren er det soleis rom for å tilpassingar til søkinga innanfor ramma på 223 klassar.

10.3 Nye utdanningsprogram frå hausten 2020

Som beskrive tidlegare i saka, vert det det frå hausten 2020 oppretta fire nye utdanningsprogram på vg1.

I denne saka vert det tilrådd lokalisering av utdanningsprogramma, og dimensjonering på vg1-nivå, gjeldande frå hausten 2020. Kva skular som skal tilby kva programområde på vg2 frå hausten 2021 vil fylkesdirektøren kome tilbake til i eiga politisk sak våren 2020.

10.3.1 Design og tradisjonshandverk (DT)

Sjå omtale om utdanningsprogrammet i pkt. 7.2.

Fylkesdirektøren tilrår at vg1 design- og tradisjonshandverk vert oppretta på:

- Årstad vgs, to klassar
- Eid vgs, ein klasse (1+3-løp)

Hordaland

Årstad vgs har inneverande skuleår fem grupper vg1 design og handverk, ein klasse vg2 interiør- og utstillingsdesign, ein klasse vg2 design og tekstil og to klassar vg2 frisør. I tillegg har skulen vg3-tilbod i interiør- og utstillingsdesign, og kjole- og draktsyarfaget.

I ny yrkesfagstruktur vert desse tilboda lagt på forskjellige utdanningsprogram. Fylkesdirektøren tilrår at skulen får eit løp frå vg1 DT, med fylkesdekkande tilbod på vg2.

Sogn og Fjordane

Eid vgs på Nordfjordeid har i noverande struktur tilbod om 0,5 klasse vg2 industriell møbelproduksjon. Det høyrer til utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon, men med kryssløp frå design og handverk. Dette programområdet går til lærefaget industrisnikkarfaget. Faget har rekruttert arbeidskraft til møbelproduksjon i Nordfjord og søre Sunnmøre. Programområdet vert ikkje vidareført i ny struktur.

Det nye utdanningsprogrammet rekrutterer til ei rekke handverksfag. For mange av desse handverksfaga vil det ikkje vere rekrutteringsgrunnlag til vg2. Ei alternativ er då å tilby vg1 DH med overgang til bedrift etter vg1 (1+3-modell). Ved å samle elevar som ønsker å gå ut mot dei små tradisjonshandverka kan opplæringa spissast inn mot løpet. Dette forutset at skulen etablerer samarbeid med bedrifter i bransjane som er aktuelle.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
	3	45

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Årstad vgs	Vg1 DT	2	30
Eid vgs	Vg1 DT	1	15
Netto endring		3	45

10.3.2 Frisør-, blomster- og interiørdesign (FBI)

Sjå omtale om utdanningsprogrammet i pkt. 7.2.

Fylkesdirektøren tilrår at vg1 Frisør-, blomster- og interiørdesign vert oppretta på:

- Årstad vgs, fire klassar
- Voss gymnas, ein klasse
- Eid vgs, ein klasse

Hordaland

Årstad vgs har inneverande skuleår fem klassar vg1 Design og handverk, ein klasse interiør- og utstillingsdesign, ein klasse vg2 design og tekstil og to klassar frisør.

I ny struktur tilrår fylkesdirektøren at Årstad vgs får eit breitt tilbod, med eit grunnlag på fire klassar på vg1. Kva tilbod skulen skal ha på vg2 frå hausten 2021 vil vere gjenstand for vurdering våren 2020.

Sogn og Fjordane

Kryssløpet frå vg1 design og handverk til vg2 barne- og ungdomsarbeid i utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag vert ikkje vidareført. Det kan vere grunn til å rekne med at dette kan føre til redusert søking til det nye utdanningsprogrammet frisør-, blomster- og interiørdesign.

Fylkesdirektøren tilrår difor at tilbodet ved Eid vgs berre vert lyst ut med ein klasse, mot to klassar vg1 design og handverk tidlegare år.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
	6	90

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Årstad vgs	Vg1 FBI	4	60
Voss gymnas	Vg1 FBI	1	15
Eid vgs	Vg1 FBI	1	15
Netto endring		6	90

10.3.3 Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM)

Sjå omtale om utdanningsprogrammet i pkt. 7.2.

Fylkesdirektøren tilrår at vg1 Informasjonsteknologi og medieproduksjon vert oppretta på:

- Amalie Skram vgs, to klassar
- Stord vgs, to klassar
- Voss gymnas, ein klasse
- Måløy vgs, ein klasse

Hordaland

Amalie Skram vgs har i dag fire klassar vg1 service og samferdsel, som mellom anna leier til vg2 IKT servicefag, kor skulen har to klassar. I tillegg har skulen ein klasse vg2 reiseliv, og to klassar vg2 sal, service og sikkerheit. Som beskrive under omtalen av IM i denne saka, vert IKT-kompetansen endra og styrka i ny struktur.

Voss gymnas har i dag ein klasse vg1 service og samferdsel, ein klasse vg2 IKT servicefag og ein klasse vg2 reiseliv. Fylkesdirektøren tilrår å opprette ein klasse vg1 sal, service og reiseliv. Vg2-tilbod vil fylkesdirektøren kome tilbake til våren 2020.

Stord vgs har i dag tilbod på vg2 IKT servicefag. Som ein del av utbygging og rehabilitering av skulen, går det parallelt ein politisk sak til fylkestinget om fagtilbod og rom- og funksjonsprogram. Stord vgs er ein stor regionskule, lokalisert i regionsenteret i Sunnhordland.

Sogn og Fjordane

Fylkesdirektøren har fått tilbakemelding frå næringslivet i Sogn og Fjordane at der er behov for eit tilbod i informasjonsteknologi. For å møte behovet for arbeidskraft og for å sikre breidde på tilbodet i alle deler av fylket, tilrår fylkesdirektøren at utdanningsprogrammet vert lyst ut ved Måløy vgs.

Grunngivinga for denne lokaliseringa er at eit stort IT-miljø i Måløy som over lang tid har vore aktive for å få på plass ei IKT-opplæring i tilknytning til Måløy vgs, som kan støtte deira behov for arbeidskraft. IKT- miljøet i Måløy har gitt tilbakemelding om at dei årleg vil ha behov for å ta inn 7-8 lærlingar. Etablering av utdanningsprogrammet vil krevje samarbeide mellom Måløy vgs og næringsliv i heile Sogn og Fjordane, for å sikre læreplassar til elevane og for at fleire bedrifter kan få tilgang til nødvendig kompetanse. Ut i frå innmeldt behov for arbeidskraft gjeld dette særleg mot miljøet knytt til Peak Sunnfjord og Peak Flora.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
	6	90

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Amalie Skram vgs	Vg1 IM	2	30
Stord vgs	Vg1 IM	2	30
Voss gymnas	Vg1 IM	1	15
Måløy vgs	Vg1 IM	1	15
Netto endring		6	90

10.3.4 Sal, service og reiseliv

Sjå omtale om utdanningsprogrammet i pkt. 7.2.

Fylkesdirektøren tilrår at vg1 Sal, service og reiseliv vert oppretta på:

- Amalie Skram vgs, fire klassar
- Os vgs, ein klasse
- Stend vgs, to klassar
- Voss gymnas, ein klasse
- Åsane vgs, tre klassar (i tråd med vedteken skulebruksplan og dimensjonering for skulen)

- Stord vgs, to klassar
- Sotra vgs, to klassar
- Flora vgs, ein klasse
- Mo og Øyrane vgs, ein klasse
- Sogndal vgs, ein klasse
- Stryn vgs, ein klasse

Hordaland

Amalie Skram vgs har i dag fire klassar vg1 service og samferdsel, som mellom anna leier til vg2 IKT servicefag, kor skulen har to klassar. I tillegg har skulen ein klasse vg2 reiseliv, og to klassar vg2 sal, service og sikkerheit. Fylkesdirektøren tilrår at skulen i ny struktur får fire klassar vg1 SS.

Os vgs har inneverande skuleår ein klasse vg1 service og samferdsel, to klassar vg2 sal, service og sikkerheit, og to klassar vg2 transport og logistikk. Frå hausten 2021 vil transport og logistikk høyre til under TIP. Dette er eit sentralt tilbod for skulen. På bakgrunn av dette, er det naturleg å tenke ein reduksjon på vg1 SS i høve til kva til dagens tilbod. Fylkesdirektøren tilrår å legge ein klasse vg1 SS til Os vgs. Vg2-tilbod vil ein kome tilbake til våren 2020.

Stend vgs har i dag to klassar vg1 SS og ein klasse vg2 sal, service og sikkerheit. Dei har opplevd ein auke i søkartal dei siste åra, og med ein konsekvens at elevar ikkje får tilbod om plass. Skulen har ei praksisnær opplæring, og på vg2 er dette særleg knytt til skulen sin gardsbutikk og gjennom utplassering i bedrifter. Stend vgs har vidare eit samarbeid med Securitas, som nyttar skulen sine lokalar som læringsarena.

Fylkesdirektøren tilrår at skulen får to klassar vg1 sal, service og reiseliv.

Åsane vgs har i dag ikkje tilbod på SS, men i tråd med vedtak i skulebruksplanen, vert tilboda flytta frå Tertnes vgs og Knarvik vgs. Skulen er dimensjonert med tre klassar vg1 sal, service og reiseliv, to klassar vg2 sal og reiseliv, og ein klasse vg2 service og sikkerheit.

Voss gymnas har i dag ein klasse vg1 service og samferdsel, ein klasse vg2 IKT servicefag og ein klasse vg2 reiseliv. Reiseliv er ei viktig næring i regionen Voss/Hardanger. Skulen fekk dette tilbodet hausten 2019, og har eit samarbeid med m.a. kommunane Voss, Eidfjord og Ulvik. Dei lokale samarbeidsforaa i Hardanger, gjennom Kompetanse Hordaland, har også peika på at reiselivsnæringa i Voss og Hardanger er i sterk utvikling, med aukande behov for utdanningstilbod. Dette vil kunne styrke grunnlaget for vekst i næringa.

Stord vgs har i dag tilbod på vg2 IKT servicefag. Som ein del av utbygging og rehabilitering av skulen, går det parallelt ein politisk sak til fylkestinget om fagtilbod og rom- og funksjonsprogram. Stord vgs er ein stor regionskule, lokalisert i regionsenteret i Sunnhordland.

Sotra vgs har i dag ein klasse vg1 SS og ein klasse vg2 sal, service og sikkerheit. Regionen er i vekst på dette området, og tilbodet i Bergen vest vert tilrådd lagt til Sotra vgs. Fylkesdirektøren tilrår at Sotra vgs får to klassar vg1 sal, service og sikkerheit.

Sogn og Fjordane

Ved skulane Sogndal, Flora og Stryn tilrår fylkesdirektøren at utdanningsprogrammet service og samferdsel vert erstatt av sal, service og reiseliv.

Årdal vgs meiner det ikkje vil vere rekrutteringsgrunnlag til vg1 i utdanningsprogrammet, og fylkesdirektøren tilrår at vg1 ikkje vert lyst ut for skuleåret 2020/21. I staden vert det lyst ut vg2 sal, service og samferdsel som vidareføring av vg1 inneverande år. Samtidig som det er rekrutteringsutfordringar til SS, er det behov for auka rekruttering til helsefagarbeidar i nærområdet til skulen. Fylkesdirektøren vil setje i gang eit arbeid for å vurdere korleis ein kan gi eit desentralisert opplæringstilbod i helse- og oppvekstfag i tilknytning til Årdal vgs gjennom tilbodet som er på Sogndal vgs.

YSK-tilbudet i service og samferdsel ved Mo og Øyrane vgs blei oppretta skuleåret 2015/16 og er no inne i sitt femte år. Avtalar med bedrifter har i alle hovudsak gått mot salsfaget. Tilbudet har inntil 15 plassar, og det har vore tilgjengelege læreplassar.

Tabellen under viser elevtal i vg1 og vg2 sidan oppstart. Elevane går vidare til YSK-påbygging i vg3 og vg4, men vi har ikkje teke med elevtala for desse åra.

Skuleår	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20
Vg1	9	9	14	14	9
Vg2		8	8	7	7

Tala viser at dei fleste åra er kapasiteten på 15 plassar ikkje nytta. Det kan skuldast både søkartala og kor mange bedriftene har vore villige til å ta inn. I tillegg ser ein at det er «avskaling» frå vg1 til vg2. Dette er ekstra problematisk i YSK-tilboda, då elevane ikkje har fullført eit komplett vg1 etter eit år, fordi faga er fordelte på fire år.

Fylkesdirektøren tilrår difor at tilbudet om YSK ikkje vert oppretta som del av det nye utdanningsprogrammet sal, service og reiseliv, men tilbudet ved Mo og Øyrane vgs vert etter 2+2-modell. Dei elevane som har starta på det 4-årige løpet får fullføre. Siste kullet vil vere ferdig våren 2023.

Klassetal og framlegg til endringar:

Tal klassar	Endring klassetal	Endring elevplasstal
	19	285

Skule	Tilbod	Klassetal	Elevplasstal
Amalie Skram vgs	Vg1 SS	4	60
Os vgs	Vg1 SS	1	15
Stend vgs	Vg1 SS	2	30
Voss gymnas	Vg1 SS	1	15
Åsane vgs	Vg1 SS	3	45
Stord vgs	Vg1 SS	2	30
Sotra vgs	Vg1 SS	2	30
Flora vgs	Vg1 SS	1	15
Mo og Øyrane vgs	Vg1 SS	1	15
Sogndal vgs	Vg1 SS	1	15
Stryn vgs	Vg1 SS	1	15
Netto endring		19	285

11. Vidaregåande opplæring for vaksne

11.1 Hordaland

Hovudtrekk i organisering av vidaregåande opplæring for vaksne

Vaksne har rett til vidaregåande opplæring dersom dei ikkje har fullført denne opplæringa tidlegare, eller har vidaregåande utdanning frå utlandet som ikkje vert godkjent som studie- eller yrkeskompetanse i Noreg, jf. opplæringslova § 4A-3. Yngre vaksne med ungdomsrett kan søke om å få gjennomført opplæringa som vaksenopplæring, jf. opplæringslova § 3-1. Fylkeskommunen skal også ha eit vidaregåande tilbod til vaksne utan rett, jf. opplæringslova § 13-3

Senterstruktur i Hordaland

Vaksenopplæringa i Hordaland fylkeskommune er tufta på fem regionale vaksenopplæringsssenter, organisert som avdelingar ved respektive vidaregåande skular, jf. fylkestingssak 45/2015.

Vaksenopplæringsssenter	Region
Vo-senter ved Åsane videregående skole	Nordhordland, Bergen, Midthordland
Vo-senter ved Bergen Katedralskole	Nordhordland, Bergen, Midthordland
Vo-senter ved Sotra videregående skole	Vest
Vo-senter ved Voss gymnas	Voss og Hardanger
Vo-senter ved Stord vidaregåande skule	Sunnhordland

Tabell 7:

Tett samarbeid med verksemder i privat og offentleg sektor

Vaksenopplæringa i Hordaland fylkeskommune har lagt vekt på å etablere eit nært samarbeid med verksemder i privat og offentleg sektor. Vaksenopplæringsssentra har gjennom ulike prosjekt samarbeidd tett med kommunane i opplæring av ufaglærte tilsette innanfor helse- og oppvekstfaga.

Fleire fag har vanskar med å rekruttere faglært arbeidskraft og legg til rette for at eigne tilsette skal få opplæring fram mot fagbrev. Fylkesdirektøren har såleis valt å vidareføre opplæringstilbodet til praksiskandidatar som ein del av tilbodet til vaksne, dels som ei tilpassing til den faktiske etterspurnaden, og dels fordi ordninga er den fremste kanalen for å få yrkesaktive ufaglærte vaksne inn i vidaregåande opplæring. For fylkeskommunen er tilbodet elles ei kosteffektiv opplæringsløyning samanlikna med eit skulebasert yrkesfagleg opplæringstilbod for vaksne.

Eitt hovudinntak og eitt supplerande inntak

Vaksne skal kunne søke opplæring uavhengig av fristane som gjeld for ungdom. Fylkeskommunen skal gi tilbod innan rimeleg tid. Ein har ikkje høve til operere med ventelister, jf. forskrift § 6-47, Udir 2-2008. I praksis har fylkeskommunen løyst dette ved å ha eit hovudinntak på hausten og eit supplerande inntak i januar. Fylkeskommunen har over tid dimensjonert inntaket som eitt stort haustinntak, både fordi vaksne følger denne «skulerytmen» i sin etterspurnad, og elles for å oppnå ei rasjonell drift av opplæringa. Ein har såleis kunne trappe ned det supplerande inntaket i januar. Hordaland fylkeskommune har elles nytta «administrative søknadsfristar» til kvart inntak for å få til ei forsvarleg sakshandsaming av søknadane.

Opplæringstilboda i det supplerande inntaket, januar 2020

Vaksenopplæringsssenter/ utførande skule	Utdanningsprogram	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe*
Bergen Katedralskole	ST	Fag for studiekompetanse 1-årig	Vg1-vg3	Skule
Bergen Katedralskole	ST	Samarbeidsprosjekt med Bergen kommune, VOD-MPA	Vg1	Skule
Stord vgs	BA	Reinholdsoperatørfag	Vg3	FPJ
Stord vgs	HO	Barne- og ungdomsarbeidarfag	Vg3	FPJ
Stord vgs	HO	Helsearbeidarfag	Vg3	FPJ
Sotra vgs	BA	Reinholdsoperatørfag	Vg3	PK

Tabell 8:

Dei vidaregåande opplæringstilboda haust 2020 fordelt på dei fem regionale vaksenopplæringsssentra

Vaksenopplæringssteder/ utførende skule	Utdannings- program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe*
Bergen katedralskole	ST	Fag for studiekompetanse 1årig	Vg1-vg3	Skule
Bergen katedralskole	ST	Fag for studiekompetanse 2årig	Vg1-vg3	Skule
Bergen katedralskole	ST	Fag for studiekompetanse 2årig, ferdig med 1. år 2018/2019	Vg1-vg3	Skule

Tabell 9:

Vaksenopplæringssteder/ utførende skule	Utdannings- program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe*
Stord vgs	HO	Barne og ungdomsarbeidarfag	Vg1	Skule
Stord vgs	HO	Barne- og ungdomsarbeidarfag	Vg2	Skule
Stord vgs	HO	Helsearbeidarfag	Vg1	Skule
Stord vgs	HO	Helsearbeidarfag	Vg2	Skule
Stord vgs	HO	Helsearbeidarfag Alternativ vg3 i skole	Vg3	Alt i skole
Stord vgs	SS	Studiespesialiserande	Vg3	Skule
Stord vgs	SS	Salsfag	Vg3	PK
Stord vgs	HO	Helsearbeidarfaget	Vg3	PK
Stord vgs/Austevoll vgs	NA	Akvakulturfag	Vg1	Skule
Stord vgs/Bømlo vgs	RM	Sjømatproduksjon	Vg3	PK
Stord vgs	BA	Reinholdoperatørfag	vg3	PK

Tabell 10:

Vaksenopplæringssteder/ utførende skule	Utdannings- program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe*
Sotra vgs	HO	Barne- og ungdomsarbeidar	Vg1	Skule
Sotra vgs	HO	Barne- og ungdomsarbeidar	Vg2	Skule
Sotra vgs	HO	Barne- og ungdomsarbeidar	Vg3	PK
Sotra vgs	HO	Helsefagarbeidar	Vg1	Skule
Sotra vgs	HO	Helsefagarbeidar	Vg2	Skule
Sotra vgs	ST	Studiekompetansefag (historie, samfunnsfag, engelsk og naturfag)	Vg3	Skule
Sotra vgs	BA	Tømrrarfag	Vg1	Skule
Sotra vgs	SS	Salsfag		
Sotra vgs	NA	Akvakultur (spleiselag)	Vg3	PK
Sotra vgs	HO	Helsearbeidarfag Alternativ vg3 i skole	Vg3	Alt i skole

Tabell 11:

Vaksenopplæringssteder/ utførende skule	Utdannings- program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe*
Voss gymnas	ST	Studiekompetansefag (Naturfag, historie, engelsk, samfunnsfag)	Vg3	Skule
Voss gymnas	HO	Helsearbeidarfag	Vg2	Skule
Voss gymnas	HO	Helse- og oppvekstfag	Vg1	Skule
Voss gymnas/Kvinnherad vgs	HO	Barne og ungdomsarbeidar	Vg2	Skule
Voss gymnas	BA	Bygg og anleggsteknikk - tømrrar	Vg1	Skule
Voss gymnas/Odda vgs	SS	Reinhold	Vg3	PK
Voss gymnas/Odda vgs	TP	Kjemiprosess	Vg3	PK
Voss gymnas/Voss vgs	NA	Landbruk og gartnarnæring	Vg2	Skule
Voss gymnas/Voss vgs	NA	Gartnarnæring	Vg3	Skule

Tabell 12:

Vaksenopplæringssteder/ utførende skule	Utdannings- program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe*
Åsane vgs	BA	Bygg og anleggsteknikk	Vg1	Skule
Åsane vgs	BA	Tømrrarfag	Vg2	Skule
Åsane vgs	BA	Tømrrarfag	Vg3	PK
Åsane vgs	BA	Reinholdoperatør	Vg3	PK
Åsane vgs	HO	Helse og oppvekstfag	Vg1	Skule
Åsane vgs	HO	Helse og oppvekstfag	Vg1	Skule
Åsane vgs	HO	Helsearbeidarfag	Vg2	Skule
Åsane vgs	HO	Helsearbeidarfag	Vg2	Skule
Åsane vgs	HO	Helsearbeidarfag Alternativ vg3 i skole	Vg3	Alt i skole
Åsane vgs	HO	Helsearbeidarfag Menn i helse	Vg1/Vg2	Skule
Åsane vgs	HO	Barne og ungdomsarbeidarfag	Vg2	Skule
Åsane vgs	HO	Helseservicefag	Vg2	Skule
Åsane vgs	HO	Barne og ungdomsarbeidarfag Alternativ vg3 i skole	Vg3	Alt i skole

Åsane vgs	HO	Barne og ungdomsarbeidarfag	Vg3	PK
Åsane vgs	HO	Helsearbeidarfag	Vg3	PK
Åsane vgs /Os vgs	HO	Helsearbeidarfag	Vg3	PK
Åsane vgs	HO	Helsesekretær	Vg3	Skole
Åsane vgs	HO	Tannhelsesekretær	Vg3	Skole
Åsane vgs /Sandsli vgs	RM	Restaurant og matfag	Vg1	Skole
Åsane vgs /Sandsli vgs	RM	Kokkfaget og institusjonskokkfaget	Vg2	Skole
Åsane vgs	SS	Kontor og administrasjonsfag	Vg3	PK
Årstad vgs	SS	Logistikkfag	Vg3	PK

Tabell 13:

Note alle tabellane *: Nemninga «Skule» viser til opplæringstilbod som følger evalueringsordninga for elevar/deltakarar i vidaregåande opplæring. Nemninga «PK» viser til opplæringstilbod som vert evaluert ved eksamensordninga for praksiskandidatar og lærlingar med full opplæring i bedrift. «FPJ» er ordninga *Fagbrev på jobb*.

Administrativ justering:

Det aktuelle tilbodet må så langt praktisk råd er tilpassast søknadane frå vaksne og dermed den faktiske etterspurnaden etter opplæring slik denne vil framkome i løpet av våren. Ein må såleis ta høgde for ei administrativ justering av det faktiske opplæringstilbodet haust 2020 i tråd med den samla etterspurnaden.

11.2 Sogn og Fjordane

Målgruppa for vidaregåande opplæring har endra seg mykje dei siste åra. Frå å vere tilbod for ufaglærte vaksne med lang praksis innanfor eit fagområde, omfattar det no også eit aukande tal vaksne minoritetsspråklege søkarar. I Sogn og Fjordane var om lag 65 % av dei vaksne søkarane minoritetsspråklege til skuleåret 2019/20. Felles for denne gruppa er at tidlegare utdanning og praksis i liten grad er relevant og godkjend i Noreg, og dei treng difor meir omfattande og ressurskrevjande opplæring.

Fylkesdirektøren legg opp til eit tilbod som i størst mogleg grad dekker begge gruppene sine behov for tilrettelegging av opplæringa. Tilbodet er lagt i samarbeid med det ordinære inntaket og etter behov i arbeidslivet.

Fylkesdirektøren vil vurdere oppstart av tilbod og undervisningsstad med utgangspunkt i søkartala. Fylkesdirektøren lyser ut følgande vaksenopplæringstilbod haust 2020:

Ordinær vaksenopplæring:

Vaksenopplæringscenter/ utførande skule	Utdanningsprogram	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe*
Hafstad vgs(ulike undervisningsstader)	ST	Studiespesialiserande, over eitt eller to år, dag- og ettermiddagstilbod	Vg1,2 og 3	Skule + nettbasert
Mo og Øyrane vgs	HO	Barne- og ungdomsarbeidarfaget	Vg2	Skule
Mo og Øyrane vgs/Flora vgs	TIP	TIP (industriteknologi)	Vg1	Skule
Flora vgs	HO	Helsearbeidarfaget	Vg2	Skule
Flora vgs	SS	Sal, service og tryggleik	Vg2	Skule
Stryn vgs	BA	Bygg- og anleggsteknikk (tømrrar/treteknikk)	Vg1	Skule

Tabell 14: Ordinær vaksenopplæring Sogn og Fjordane

Tilbod for vaksne (VO) i lag med det ordinære opplæringstilbodet

Skuleåret 2019/20 lyste fylkesdirektøren i Sogn og Fjordane ut kombinasjonstilbod for vaksne og ungdom. Dette var, i dei fleste tilfelle, tilbod der søkartala dei seinare åra har utfordra kravet om minimumssøkartal, og der vaksenopplæringa anten har kandidatar, eller reknar med at det er aktuelle kandidatar i fylket, men ikkje nok til store grupper.

Det er god ressursbruk å gi desse gruppene opplæring i lag, men fylkesdirektøren er oppteken av at begge søkargruppene skal vere informerte om at det kan bli kombinerte grupper. Vaksne søkarar skal søke gjennom Vigo vaksen og opplæringa deira skal følge lovverket som gjeld vaksne.

Etter søknadsfristen var det grunnlag for å sette i gang eitt av tilboda – vg1 helse- og oppvekstfag ved Høyanger vgs. Til dei andre tilboda var det anten for få ungdom eller vaksne som søkte.

Til skuleåret 2020/21 ønsker ein å prøve ny utlysing av ein slik kombinasjon, vg1 restaurant og matfag ved Sogndal vgs. I tillegg vert tilbodet ved Høyanger vgs vidareført, både på vg2 og med nytt vg1.

Fylkesdirektøren har tilrådd å lyse ut fylgjande kombinerte tilbod:

Vaksenopplæringscenter/ utførande skule	Utdannings- program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe*
Høyanger	HO	Helse- og oppvekstfag	Vg1	Skule
Høyanger	HO	Helsearbeidarfag	Vg2	Skule
Sogndal	RM	Restaurant- og matfag	Vg1	Skule

Tabell 15: Kombinerte tilbod Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane-modellen

Opplæringstilbod etter den såkalla Sogn og Fjordane-modellen er eit samarbeid mellom NAV, kommunar/bedrift og fylkeskommunen, for minoritetsspråklege deltakarar. Opplæringsmodellen bygger på ein avtale mellom partane som regulerer ansvar og fordeling av kostnader. Modellen er ein form for vekslingsmodell, der opplæringa vekslar mellom teori på skule og praksis i bedrift frå starten av opplæringsløpet. Kommunar/bedrift garanterer for praksisplass og tilbod om læreplass. Samarbeidsmodellen gjer at tilbodet ikkje vert lyst ut, men startar ved behov. Følgande tilbod er planlagd for skuleåret 20/21:

Vaksenopplæringscenter/ utførande skule	Utdannings- program	Fag og klassar / grupper	Trinn	Gruppe*
Firda vgs	HO	Tannhelsesekretær	Vg1	skule
Firda vgs	HO	Helsearbeidarfag (programfag)	Vg1	Skule
Firda vgs	HO	Helsearbeidarfag (programfag)	Vg2	Skule
Firda vgs	HO	Helsearbeidarfag (fellesfag)	Vg3	Skule
Firda vgs	BA/TIP	Polymerkompositt og betong	Vg2	Skule
Dale vgs	HO	Helsearbeidarfag/Barne- og ungdomsarbeider	Vg1	Skule
Sogndal vgs	HO	Helsearbeidarfag (programfag)	Vg1	Skule
Sogndal vgs	HO	Helsearbeidarfag (fellesfag)	Vg3	Skule
Årdal vgs	TIP	Kjemi- og prosessfag	Vg2	Skule

Tabell 16: Tilbod i «Sogn og Fjordane-modellen».

Tilbod grunnkompetanse

I enkelte bransjar er det behov for arbeidstakarar med kompetanse på lågare nivå enn fagbrev eller yrkeskompetanse, såkalla grunnkompetanse. Opplæringstilbod av denne typen kan difor vere eit tilbod administrert av fylkeskommunen i nært samarbeid med NAV, og gi deltakarane grunnkompetanse. Eit slikt tilbod i sjåfør opplæring i gods- og persontransport er i planlegging og vil bli starta opp i januar 2020.